



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Årsrapport 2012





Foto: Fylkesbiblioteket

Innhold

Sogn og Fjordane fylkeskommune	4
Slik fylkesrådmannen ser det	7
Rekneskapen	11
Arbeidsgjevarområdet	14
Likestilling, mangfald og likeverd	17
Bygg og eigedom	21
Kultur	24
Opplæring	28
Plan og næring	32
Samferdsle	38
Den offentlege tannhelsetenesta	43
Forvaltningsrevisjon og internkontroll	46
Målekart	49

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Innbyggjarane i Sogn og Fjordane styrer fylkeskommunen. Det gjer dei ved å velje representantar til fylkestinget, som er det øvste politiske organet i fylkeskommunen. Hovudansvarsområda er opplæring, tannhelse, samferdsle, kultur, næringsutvikling, fylkesvegar, energipolitikk og planlegging.

Vidaregåande opplæring for ungdom og vaksne er det største tenesteområdet til fylkeskommunen. Vi har 14 vidaregåande skular med plass til vel 4500 elevar. Fylkeskommunen har også ansvaret for at lærlingar og lærekandidatar får vidaregåande opplæring i bedrift.

Kultursektoren arbeider med å ta vare på kulturminne av regional og nasjonal verdi. Vi forvaltar spelemiddelordninga, administrerer Den kulturelle skulesekken og driv musikkarbeid i samband med fylkes- og distriktsmusikarordningane. Vi støttar det frivillige kulturlivet og driv ungdomsarbeid.


Fylkeskommunen er den største vegeigaren i fylket med totalt 2575 km fylkesveg. Statens vegvesen har det vegfaglege ansvaret for fylkesvegnettet på vegner av fylkeskommunen.

Fylkeskommunen har også ansvar for kollektivtrafikktilbodet i fylket. Vi har fleire ordningar som er etablerte for å gje ungdom eit trygt og godt offentleg transporttilbod. *Trygt heim for ein 50-lapp* og ungdomskort er døme på slike.

Fylkeskommunen arbeider med planlegging etter plan og bygningslova. Dette inkluderer samarbeid med og rettleiing av kommunane. Folkehelse, tettstadforming, prinsippet om universell utforming, omsynet til barn og unge sine oppvekstvilkår og estetisk utforming er viktige omsyn i dette arbeidet.

Det er ei overordna oppgåve for fylkeskommunen å leggje til rette for næringsutvikling i heile fylket. Vi er med og gjere det mogleg å skape nye arbeidsplassar og nye næringar. Samstundes vidareutviklar vi eksisterande næringar. Vi samarbeider tett med kommunane og Innovasjon Norge for at næringslivet og etablerarar skal lukkast.

Den offentlege tannhelsetenesta behandlar alle grupper




Kart 1: Politisk organisering.

klientell. Det er 31 tannklinikkar i Sogn og Fjordane. Tre av desse er omreisande klinikkar.

Verdigrunnlaget og etiske retningslinjer

All verksemd i fylkeskommunen er tufta på desse verdiane:

- Respekt: Vi er ærlege, opne og likeverdige som menneske
- Omsorg: Vi bryr oss om og støttar kvarandre
- Lojalitet: Vi står saman om å realisere fastsette mål og oppgaver
- Medverknad: Vi gjev uttrykk for eige syn og støttar avgjerder



Kart 2: Administrativ organisering.

- Effektivitet: Vi skal nytte ressursane våre best mogleg
- Tillit: Handlingane våre må skape tillit

Dette ligg til grunn for, og vert konkret avspegla i, styringssystemet til fylkeskommunen.

Vi har vedteke etiske retningslinene og etiske prinsipp som gjeld for alle folkevalde og tilsette. Målet er å skape betre medvit om haldningar og etikk. Slik vil vi styrke tilliten innbyggjarane i Sogn og Fjordane har til administrasjonen og dei folkevalde i fylkeskommunen.

Vi har også retningslinjer for varsling om kritikkverdige forhold og for god leiarpraksis.

Verdigrunnlaget og etiske prinsipp og retningslinjer er lett tilgjengeleg på intranettet til fylkeskommunen.

Politisk organisering

Fylkestinget i Sogn og Fjordane fylkeskommune har 39 medlemmer. Styringsforma er formannskapsprinsippet.

Administrativ organisering

Hovudrolla til sentraladministrasjonen i fylkeskommunen er å vere politisk sekretariat. Hovudoppgåvene er drift, forvaltning og utvikling. Karta over viser den politiske og den administrative organiseringa av fylkeskommunen.

Inntekter og utgifter


Fylkeskommunen har ei inntektsside på om lag 4,0 mrd. kr samla. Dette omfattar både driftsinntekter og finansieringsinntekter. Skatt og rammetilskot utgjer over halvparten av inntektene og er på om lag 2 mrd. kr. Direkte driftsinntekter på dei ulike sektorane utgjer om lag 630 mill. kr. Det er inntektsført finansinntekter - i det vesentlege på låneopptak og fondbruk - på om lag 1095 mill. kr.

Fylkeskommunen har lokale inntekter på vel 90 mill. kr. Dette er inntekter frå sal av konsesjonskraft og utbyte frå Fjord1 og Sogn og Fjordane Energi.

Diagram 2 viser eit samla oversyn over brutto drifts- og investeringsutgifter i fylkeskommunen fordelt på ulike føremål. Dei største sektorane er samferdsle med 1,8 mrd. kr og opplæring med om lag 1,0 mrd. kr.


Inntekter	i mill. kr
Skatt og rammetilskot	2171,5
Lokale inntekter	93,6
Bruk av lån	492,3
Sektorinntekter	628,1
Finansielle postar	603,0

Brutto utgifter	i mill. kr
Forvaltning	190,2
Opplæring	1008,2
Tannhelse	111,8
Plan og næring	234,2
Kultur	164,9
Samferdsle	1819
Finansutgifter	460,4



- Skatt og rammetilskot
- Sektorinntekter
- Lokale inntekter
- Finansielle postar
- Bruk av lån

Diagram 1: Samla årlege inntekter i 2012, i millionar kroner.



- Forvaltning
- Kultur
- Opplæring
- Samferdsle
- Tannhelse
- Finansutgifter
- Plan og næring

Diagram 2: Brutto drifts- og investeringsutgifter fordelt på føremål, i millionar kroner

Slik fylkesrådmannen ser det

Eg var for 25 år sidan med og skreiv fylkesrådmannen sin «Årsrapport 1987». Visstnok den første for fylkeskommunen vår. Vi diskuterte om rapporten primært burde rettast mot innbyggjarane eller mot fylkestinget. I mellomtida er det kome nye reglar i kommunelova - om begge delar.

I § 4 står det at fylkeskommunar skal drive aktiv informasjon om eiga verksemd.

Vidare står det i § 48 om «Årsregnskapet og årsberetningen»:

«Fylkeskommuner skal for hvert kalenderår utarbeide årsregnskap og årsberetning. I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme fylkeskommunens økonomiske stilling og resultatet av virksomheten, som ikke fremgår av årsregnskapet, samt om andre forhold av vesentlig betydning for fylkeskommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard i virksomheten. Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i fylkeskommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingsloven, samt for å fremme formålet i diskrimineringsloven og i diskriminerings- og tilgjengelighetsloven.»

Årsrapporten er for meg den viktigaste attendemeldinga fylkesrådmannen gir til fylkestinget.

EIN ENDRA FYLKESKOMMUNE

Mykje har endra seg sidan årsrapporteringa starta i fylkeskommunen. Ja, mykje har faktisk endra seg dei ganske få åra eg var ute av organisasjonen (2005-12). Eg har særleg merkt meg følgjande:

Oppgåvene er endra og presiserte. Tenesteytinga er nedtona, og det utviklingsretta arbeidet har fått større plass. Dette ser vi ved at fylkeskommunen snart finansierer like mange stillingar utafor organisasjonen (indirekte) som i egne rekkjer. Sjølv har vi ca. 1500 tilsette.

Det overordna planarbeidet har fått ei tydeleg innretting mot



Fylkesrådmann Tore Eriksen. Foto: Oskar Andersen

dei utfordringane vi er mest opptekne av. Når merksemda til fylkestinget går mot til dømes utdanning og verdiskaping, er det nettopp slike område som dominerer planarbeidet. Før i tida måtte vi i mykje større grad lage planar for alt, også det vi meinte var mindre viktig.

Eigarskapsarbeidet er sett meir i system og kome høgare opp på dagsorden. Vi er meir medvitne om kva vi vil med eigarpostane våre. Vi er også blitt meir profesjonelle i

utøvinga av roller og posisjonar. På det siste området har vi, som andre i kommunesektoren, fått god drahjelp av lovverket.

Alle innkjøp av varer og tenester må tilpassast eit lovverk som fordrar konkurranse. Midlane til skattebetalarane skal forvaltast godt, og det skal ikkje vere mogleg å vektleggje venskap og kjennskap. Det ligg mykje bra i dette, særleg ved store innkjøp. I andre enden av skalaen, når innkjøpa vert tilsvarande små, er det bra om vi får til enklare og raskare avgjerdsprosessar. Det vil nok kome.

Heile organisasjonen har kome mykje lenger i bruken av informasjonsteknologi. Nye verktøy er blitt allemannseige, og dei er blitt like sjølvsgdde på politisk som på administrativ side. Dette har bidrege sterkt til auka kvardagseffektivitet i organisasjonen.

Det utoverretta informasjonsarbeidet har teke mange steg framover. Dette driv vi med til dagen, og ikkje berre når det seglar opp store nyhende. Her er det ikkje lovverket, men forventingane til folk flest som er den viktigaste drivaren. Og takk for det.

Forvaltingsrevisjon er òg blitt fylkeskommunal kvardag. Vi skal følgje lover og reglar, vedtak skal følgjast opp, og alt skal vere prega av kvalitet. Dette er veldig bra. Men så høyrer vi i blant: Kven skal passe på revisorane, og kven skal sjå til at det heile ikkje får eit urimeleg omfang? Det er det fylkestinget som må gjere. Også her må det vere balanse mellom nytte og kostnad. Kanskje er dette særleg viktig når vi ser at store internasjonale konsern kjem stadig sterkare inn i slikt arbeid?

REGIONAL PLANSTRATEGI

Plan- og bygningslova seier at fylkeskommunen skal vedta sin eigen regionale planstrategi innan eitt år etter konstitueringa. Det gjorde fylkestinget vårt i 2012. Fylkestinget gjorde då klart kva som skal vere dei viktigaste plantema våre, nemleg opplæring, veg/samferdsle, verdiskaping, fysisk aktivitet, folkehelse og kystområda. Når mange av oss no kan denne opplistinga på rams, viser det at planstrategien er godt forankra.

MÅLOPPNÅING

Fylkeskommunen gjorde ein god jobb i 2012, innan både tenesteyting, utviklingsarbeid og meir forvaltingsretta arbeid. Dette går greitt fram av årsrapporten. Innan tenesteytinga vil eg særleg vise til at vi i stor grad når dei måla vi set oss både innan vidaregåande opplæring og tannhelse. På utviklingssida opplever vi at folketalet veks, at fylket vert stadig «mindre» (nye vegar), og at fylkeskommunen har ein finger med i mykje av det som skjer i næringslivet, inklusive det petroleumsretta arbeidet. Vi har òg teke fleire viktige steg i det å stå fram som meir profesjonelle i anbodspolitikken.

STORE VEGSAKER

2012 var prega av fleire store vegsaker. Eit ekstra fylkesting i januar uttalte seg til det statlege arbeidet med ein KVV for E39 Skei-Ålesund. Midtsommars uttalte fylkestinget seg om den nye nasjonale transportplanen (NTP 2014-23). Denne vert slutthandsama i Stortinget i vårsesjonen 2013. Fylkestinget løyvde i desember vel 53 mill. kr til ekstra tunnelvedlikehald i 2013, samtidig vart nesten like mykje reservert for 2014 (økonomiplanen). Bakgrunnen for dette ligg i gjennomførte inspeksjonar, kontrollar og tilsyn. Dette saksfeltet kan oss gje store utfordringar dei næraste åra. Oppi alt dette skrur arbeidet med fleire nye veganlegg i fylket stadig framover.

SKULEBRUKSPLAN

Arbeidet med skulebruksplanen skaut fart i 2012. Utgangspunktet for arbeidet er fylkestingsvedtaket av 2012 om «Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012-2015». Det meir reelle utgangspunktet er ein venta nedgang i tal innbyggjarar i aldersgruppa 16-18 år på 300-400 fram til 2016 og ein samla nedgang på 400-600 fram til 2020/2024. Dette gjev oss lågare inntekter, og utfordrar difor ein skulestruktur som alt er prega av mange små skular.

NYNORSKFYLKET

På den meir immaterielle sida markerte Sogn og Fjordane seg som nynorskfylke nr. 1 i 2012. Dette skjedde mellom anna ved at fylkestinget i juni handsama rapporten «Språkfakta Sogn og Fjordane 1646-2012», tok initiativ til å etablere eit «nynorsk forum» i fylket og gjorde vedtak om å markere Språkåret 2013 som lekk i 250-årsjubileet for fylket. Fylkeskommunen fekk i desember prisen Årets nynorsk kommune 2012 av regjeringa.

EIGARSKAPSARBEIDET

Fylkestinget vidareførde i 2012 eigarskapsarbeidet ved å gjere mindre strategijusteringar. Dei store eigarpostane ligg framleis i Fjord1 AS (59 prosent) og Sogn og Fjordane Energi AS (vel 48 prosent). Fjord1-konsernet vart i 2012 omstrukturert ved at Fjord1 Fylkesbaatane AS og Fjord1 MRF AS vart avvikla. Samtidig vart styreordninga forenkla ved at bedriftsforsamlinga vart nedlagd. Innan kraftsektoren vart det mot slutten av året opna for at «Vestlandsalliansen» kunne starte arbeidet med å kjøpe Statkraft ut av BKK og samtidig prøve å rydde opp i diverse krysseigarskapar. Det er venta nærare avklaringar i 2013.

ØKONOMISK RESULTAT

Førebelse rekneskap for 2012 viser eit driftsoverskot

på 50,5 mill. kr. Dette er eit godt resultat og skuldast god skatteinngang i kommunesektoren, innsparingar og meirinntekter på finansielle postar og innsparingar på sektornivå. Det meste av overskotet skriv seg frå forhold som ikkje er knytte opp mot den underliggjande drifta. Dette indikerer god og forsiktig budsjettering, samtidig som det gjev signal om at mange av dei positive avvika nødvendigvis ikkje vil kome att seinare år.

30,8 mill. kr av overskotet kan forklarast ved meirinntekter på fylkesskatt/inntektsutjamning (22,7), unytta midlar frå lønsoppgjera (3,5), innsparing på pensjon/premieavvik (1,7) og meirinntekter/ innsparingar på finanspostar (5,2). Budsjettert vinst på konsesjonskrafta svikta med 3,3 mill. kr. Dette kom i tillegg til at budsjettet, på grunn av låge kraftprisar, vart redusert med 20 mill. kr hausten 2012. Mykje tyder på at vi må leve med låge prisar dei næraste åra. Dersom etterspurnaden og dermed prisane skulle ta seg opp, vil det låge rentenivået sannsynlegvis også auke.

Innsparinga på sektornivå vart i sum på 19,7 mill. kr. Det meste av dette kom på forvaltning (3,6), opplæring (3,8) og samferdsle (11,4).

Innan forvaltning fekk bedriftshelsetenesta ei innsparing på 2,0 mill. kr. Denne ordninga vart lagt om i 2012, og det må her gjerast nærare behovsvurderingar. Innsparinga på opplæring kan forklårast ved at reduserte kraftprisar åleine gav ei innsparing på 4,5 mill. kr. Samferdsle fekk innsparingar på skuleskyss og kompetansemodular/bussjåførar (3,0), ungdomskort (1,7) og båtruter (6,7). Det siste talet kan relaterast til auka billettinntekter, at Losvesenet kom inn som kunde i Florabassenget (kostnadsdeling), og at prisveksten (båt) vart lågare enn budsjettert.

Vi må gjere nærare analysar av rekneskapan for 2012 for å klårgjere om vi bør justere budsjettet for 2013 og eventuelt også dei økonomiske rammene frå 2014. Eg kjem attende til dette i budsjetterrapporten pr. 1. tertial 2013 og i det føreståande budsjett- og økonomiplanarbeidet.

Norsk økonomi er no i ein veldig spesiell situasjon. Kombinasjonen av høg sysselsetting/god skatteinngang og historisk låg lånerente er uvanleg og vil neppe kunne halde seg over tid.

HOVUDMÅL FOR FYLKET

Hovudmålet i den nye planstrategien til fylkestinget er at vi skal nå *eit folketal på 112 000 i 2016*. Dette greier vi dersom veksttakten vert 50 prosent av det Statistisk sentralbyrå føreskriv for landet i medelalternativet sitt. Nokon vil her meine at vi er for optimistiske, andre at vi skulle slått meir på stortromma. Sjølv trur eg vi er der vi bør vere.

Vi hadde ved siste årsskifte 108 624 innbyggjarar, og vi vart vel 500 fleire i 2012. Dersom den årlege auken vert tilsvarande fram til utgangen av 2016, vil vi lande på nesten 111 000. Det fortel at eit mål på 112 000 må vere ein høveleg ambisjon. I slike vurderingar må vi hugse på at Sogn og Fjordane ikkje er verdas navle, og at folketalet vårt dei seinare åra har gått like mykje ned som opp. Men talet ved siste årsskifte var faktisk det høgaste som nokon gong er registrert her i fylket. Det må vere ein bra inngang til jubileumsåret 2013!

KREVJANDE UTSIKTER

Fylkeskommunen står no midt oppi fleire krevjande planprosessar. Då tenkjer eg først og fremst på skulebruksplanen og den regionale transportplanen. Begge vil utan tvil utfordre økonomien vår. Når vi også veit at regjeringa arbeider med eit nytt inntektssystem, som høgst sannsynleg vil gå i vår disfavør, kan dette bli krevjande. Eg trur det er viktig å halde fylkesperspektivet og samtidig sjå skikkeleg framover i alle slike prosessar.

For kort tid sidan fekk eg spørsmål om skuledebatten eigentleg er ein ny sjukehusdebatt. Eg sa då at viss mange tek som utgangspunkt at «skulen min» ikkje må rørast, ville vedkomande ha rett. Men viss ein tek utgangspunkt i at tal ungdom 16-18 år vil gå kraftig ned, ser ein at sjukehusdebatten var noko heilt anna. For etterspurnaden etter sjukehusstenester gjekk aldri ned - heller tvert imot.

SOGN OG FJORDANE 250 ÅR - OG KVA SÅ?

Eg innleia med å skrive at årsrapporteringa i år er 25 år og avsluttar med at Sogn og Fjordane fyller 250 no i 2013. Ved ein slik milepel trur eg alle bør reflektere litt over kva det betyr å ha eit eige fylke.

For dei som bur og arbeider innafør fylkesgrensene trur eg mykje ville vore annleis viss vi ikkje hadde hatt eit eige Sogn og Fjordane. Utkantpreget ville vore sterkare, infrastrukturen svakare, mange store institusjonar og verksemder hadde aldri kome, og innbyggjartalet ville vore lågare. For kven skulle eigentleg ha initiert mykje av dette - utan eit fylkesnivå?

Vi opplever for tida ei kraftig regionalisering innan justis- og beredskapsfeltet. Dette gjeld naudnett, alarmsentralar og politidistrikt. Endringane verkar ikkje godt forankra i nasjonale politiske vedtak. For få år sidan opplevde vi tilsvarande for spesialisthelsetenesta og vegforvaltninga. Den gongen var det var ei tydeleg nasjonal hand på rattet. Slik er det ikkje no. Justis- og beredskapsdepartementet tek i staden rolla som klageinstans.

Debatten for og mot fylkeskommunen kjem og går. Eg trur perspektivet i debatten no bør utvidast. Og då må vi spørje:

Treng verkeleg staten ein eigen kontrollinstans i kvart einaste fylke? Treng Innovasjon Norge framleis fylkesvise apparat? Kva med NAV; kvifor må vi ha dei i alle kommunar og kvart einaste fylke når brukarane knappast oppnår god, gamal kontakt? Kva med dei fylkesvise høgskulane når dei reduserte ungdomskulla også innhentar dei? Kva med Helse Førde den dagen mangel på statleg styring gjer at føretaket ikkje lenger greier å rekruttere? Kvifor skal NHO, som vil slå saman alle andre, framleis operere i kvart fylke? For ikkje å snakke om NRK Sogn og Fjordane; kvifor skal vi koste på oss eit eige lokalkontor viss det ikkje lenger er nokon fylkesidentitet å hegne om? Eller sagt med andre ord; må ikkje eit fylke ha eit visst innhald? Kan Sogn og Fjordane halde fram som eige fylke dersom berre valkrinsen er att?

Eg trur mange av dei verksemdene eg her listar opp har vore med på å skape det fylket vi har. Spørsmålet om eksistensen til fylkeskommunen bør difor reformulerast til eit spørsmål om Sogn og Fjordane bør bestå som eige fylke. Dette spørsmålet bør koplast til kva samfunnsområde som skal vere underlagt direkte politisk styring, og kva område fagfolk kan ta seg av. Denne debatten bør snart kome. Den bit for bit-regionaliseringa som no skjer, manglar heilskapleg nasjonal forankring. Vi må ikkje kome i ein situasjon der folkevalde på alle nivå - både kommune, fylkeskommune og jamvel på Stortinget - beklagar mangel på politisk styring. For kvar sit då eigentleg makta?

Takk til fylkestinget for godt samarbeid i 2012.

*Leikanger
mars 2013*

*Tore Eriksen
fylkesrådmann*



Rekneskapen

Rekneskapsresultat

Dei siste åra har rekneskapen vore gjort opp med overskot. Overskotet for 2012 er 50,5 mill. kr. Dei to føregåande åra var overskotet på 27,4 mill. kr. og 30,7 mill. kr. Fylkeskommunen har i 2012 i tillegg sett av 115,3 mill. kr til fond i samsvar med regelverket. Dette er 65,7 mill. kr meir enn budsjettert.




Diagram 3: Korrigert netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter.

Kommunal- og regionaldepartementet legg opp til at kommunesektoren bør ha eit netto driftsresultat på minst 3 prosent av driftsinntektene. Dette er rekna som indikator for ein sunn økonomi over tid. Denne indikatoren (korrigert) viser i 2012 5,2 prosent for fylkeskommunen i Sogn og Fjordane.

Investeringsrekneskapen

Fylkeskommunen investerte i 2012 for 777 mill. kr. Dette er fordelt slik:

- 13,8 mill. kr til forvaltning
- 50,1 mill. kr til opplæring
- 4,6 mill. kr til tannhelse
- 20 mill. kr til kultur
- 690 mill. kr til samferdsle

Det samla finansieringsbehovet i investeringsrekneskapen er etter fråtrekk av sektorvise inntekter på 705,4 mill. kr. 492,3 mill. kr av dette er lån, 7,7 mill. kr bruk av avsette fond og 205,4 mill. kr er overført frå driftsrekneskapen.

REKNEKAPSPRINSIPP

Tilgang på og bruk av midlar som i løpet av året vedkjem den fylkeskommunale verksemda, går fram av driftsrekneskapen eller investeringsrekneskapen. Alle inntekter og utgifter vert førte brutto. Det er ikkje oppretta fylkeskommunale føretak slik at samla verksemd går fram av årsrekneskapen.

Fylkeskommunen deltek heller ikkje i interkommunale samarbeid og liknande som må reknast med for å få oversikt over kostnaden med den fylkeskommunale drifta.

Lånegjelda

Lånegjelda til fylkeskommunen auka med 462 mill. kr til 1 975 mill. kr i 2012. Den store auken er i hovudsak knytt til veginvesteringar. Avdragsutgiftene er på 80,3 mill. kr. Lånegjelda til fylkeskommunen utgjør om lag 18 160 kr per innbyggjar – ein vekst på 4180 kr per innbyggjar frå året før. Landssnittet (for fylkeskommunane) ligg på omlag 9000 kr per innbyggjar. Målt i lånegjeld i prosent av driftsinntektene ligg vi i 2012 også over snittet for landet. Tidlegare år har vi derimot lege vesentleg under.




Diagram 4: Lånegjeld per innbyggjar. Snitt FK = gjennomsnitt for alle fylkeskommunane i Noreg.

Hovudtala - utgifter og inntekter	Rekneskap 2012	Budsjett 2012	Differanse 2012
Fylkesskatt/Utjamning	546,0	523,4	-22,6
Rammetilskot	1625,5	1625,5	0,0
Lokale inntekter	93,6	96,9	3,3
Regionale utviklingsmidlar KRD*	96,8	97,1	0,3
Kapitalinntekter/-utgifter	-97,4	-102,3	-4,8
Aksjar og utlån	-0,8	-0,7	0,1
Premieavvik/ufordelte kostnader	1,7		-1,7
Interne transaksjonar	-1,5	-2,5	-1,0
Til gode avsett lønsoppgjer	0,0	-3,6	-3,6
Mva investering - ikkje overf. Inv	0,7	0,0	-0,7
Forvaltning	-164,8	-168,4	-3,6
Opplæring	-762,6	-766,5	-3,8
Tannhelse	-75,3	-75,4	-0,1
Regional utvikling	-120,9	-121,1	-0,1
Kultur	-62,9	-63,4	-0,5
Samferdsle	-1027,4	-1039,1	-11,6

Tabell 1: I millionar kroner netto. *KRD er Kommunal- og regionaldepartementet.

I kolonnane for budsjett og rekneskap tyder eit minusteikn utgifter.

I kolonna for differanse tyder eit minusteikn at føremålet har ei innsparing/meirinntekt.

Fellesinntekter og -utgifter

Fylkesskatt og inntektsutjamning utgjer 546 mill. kr. Det er ei meirinntekt på 22,6 mill. kr samanlikna med revidert budsjett. Dei lokale inntektene (aksjeutbyte og konsesjonskraft) utgjer 93,6 mill. kr, 3,3 mill. kr mindre enn budsjettet. Netto kapitalkostnad utgjer 97,4 mill. kr. Dette er 4,8 mill. kr mindre enn budsjett. Premieavvik/ufordelte kostnader gjev ei meirinntekt på 1,7 mill. kr, medan vi også har til gode 3,6 mill. kr. på avsetjinga til lønsoppgjer.

Sektorrekneskap

Rekneskapen viser ei innsparing på 19,7 mill. kr på sektornivå. Dette kjem hovudsakleg fram i følgjande sektorar:

Forvaltning har ei innsparing 3,6 mill. kr. Dei største postane er 2,0 mill. kr i mindreforbruk på bedriftshelseteneste og 1,0 mill. kr i betre resultat for utleigebustader.

Opplæring har ei innsparing på 3,8 mill. kr. Reduserte

kraftprisar gjev ei innsparing på 4,5 mill. kr på oppvarming av skulane. Elles er det mindre avvik på mange postar.

Samferdsle (trafikksubsidiar) har ei innsparing på 11,4 mill. kr.

- Buss: Innsparinga er på om lag 3 mill. kr og er knytt til skuleskyss og kompetansemødular for bussjåførar.
- Ungdomskortet: Innsparing er på om lag 1,7 mill. kr. Dette skuldast overgang til elektronisk billettering.
- Båt: Innsparinga er på om lag 6,7 mill. kr. Hovudforklaringa er auka billettinntekter, at Losvesenet kom inn som kunde i Florabassenget, samt at prisvekstkomponenten i båtkontraktane kom betre ut enn budsjettet la til grunn.



Foto: Bratt Moro/Stein Magne Os

Arbeidsgjevarområdet

Arbeidsgjevarområdet dekkjer strategiske tiltak for rekruttering, personal- og organisasjonsutvikling, likestilling og arbeidsmiljø. Det er einingsleiarane som har ansvar for å utøve personalpolitikken til fylkeskommunen. Arbeidsgjevarpolitikken er i hovudsak styrt gjennom lovverk, forskrifter og avtaleverk. Fylkesrådmannen-personal gir støtte, råd og rettleiing til einingsleiarane.

Sentrale arbeidsoppgåver for fylkeskommunen som arbeidsgjevar i 2012:

- Oppfølging av «Handlingsplan for mangfald, likeverd og likestilling»
 - Oppfølging av «Plan for rekruttering og stabilisering av pedagogisk personale»
 - Oppfølging av «Strategisk handlingsplan for offentlig tannhelse»
 - Implementering og administrering av ny leverandør av bedriftshelsetenester - Stamina HOT
 - Leveranse av overordna medarbeidarundersøking - MTM
 - Operativ leiarstøtte, blant anna i tilsetjingssaker
 - Tilskot til hospitering og utdanning
 - Skulebruksplan
 - Oppfølging og vidareutvikling av kompetanseregistreringssystemet
- Følgje opp innføringa av utviklingssamtalen, blant anna gjennom kurs for leiarar
 - Tilrettelegging og gjennomføring av leiarsamling for alle leiarar med personalansvar, fagleiarar og hovudtillitsvalde. Hovudtemaet for samlinga var «Leiarskap og kompetanseutvikling i omstillingsprosessar».
 - Deltaking på rekrutteringsmesser i Trondheim, Oslo, Sogndal og Bergen
 - Vidareføring av ordninga for traineestillingar. Dette året har traineestillingane vore ved kulturavdelinga og ved plan- og samfunnsavdelinga.
 - Lønsforhandlingar for alle arbeidstakargruppene som følgje reglane i hovudtariffavtalen om lokal lønsdanning.
 - Gjennomføring av grunnopplæring i arbeidsmiljøkunnskapar (i målgruppa er VU, LAMU og leiarar)
 - Fagseminar for reinhaldarpersonalet Reinhaldarseminaret 2012
 - Oppstart av revidering av seniorpolitisk handlingsplan
 - Gjennomføring av nyttilsettsamling

Personalpolitiske tiltak

Det er gitt 1659 dagar utdanningspermisjon. Kvinner har fått 64 prosent av desse dagane.

Prosentvis fordeling	Foreldrepermisjon	Barns sjukdom	Omsorgspermisjon	Utdanningspermisjon	Anna velferd
Kvinne	79,3 %	68,8 %	50,0 %	63,8 %	66,9 %
Mann	20,7 %	31,2 %	50,0 %	36,2 %	33,1 %

Tabell 2: Prosentvis fordeling av permisjonar.

Hospitering - tildelte midlar	Hospitering 2010		Hospitering 2011		Hospitering 2012	
	Tal	Kroner	Tal	Kroner	Tal	Kroner
Kvinner	19	250 011	14	212 974	13	227 503
Menn	11	266 402	3	46 000	5	137 948
Totalt		516 413		258 974		365 451
Løyvde midlar		500 000		250 000		265 000

Tabell 3: Tildelte midlar til hospitering.

Det vart løyvd 265 000 kr til hospitering i 2012. 120 000 kr av dei vart prioriterte til s kjarar over 55  r, jamf r seniorpolitisk handlingsplan. Totalt s kte 25 personar om midlar til hospitering, 19 kvinner og seks menn. Seks av s kjarane var over 55  r, tre kvinner og tre menn. Totalt fekk 18 s kjarar midlar til hospitering, 13 kvinner og fem menn. Tre kvinner og tre menn var over 55  r.

Arbeidsmilj arbeidet

Fylkeskommunen arbeider mot hovudm la i avtalen om eit inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen). Denne forpliktar oss til tre delm lsetjingar:

-   redusere eller stabilisere sjukefr v ret.
-   leggje til rette for at personar med redusert arbeidsevne f r halde fram arbeidet sitt.
-   redusere den gjennomsnittlege avgangsalderen for pensjonering.

I arbeidet med   utvikle arbeidsmilj et skjer det ei vriding fr  kollektive tiltak til   konsentrere seg meir om individet. Vi har ei m lsetjing om at sjukefr v ret over tid ikkje skal vere over fem prosent. For   klare denne m lsetjinga arbeider fylkeskommunen aktivt med f rebyggjande tiltak og oppf lging av sjukmelde medarbeidarar. Vi prioriterer tilrettelegging for   halde p  tilsette som f r helseplager eller utfordringar med det fysiske- og eller psykososiale i arbeidsmilj et.

Kvart  r gjennomf rer vi 40-timars kurs i arbeidsmilj kunnskap for leiarane. Verneombod, medlemmer i arbeidsmilj utvala og tilsette med tilsvarande funksjonar f r ogs  tilbod om   delta p  desse kursa. 21 personar gjennomf rte kurs i 2012.

Seniorpolitisk arbeid

Den overordna m lsetjinga er   motivere seniormedarbeidarar til   st  lengst mogeleg i arbeid. Organisasjonen v r har bruk for den ressursen senioren representerer. Dei er produktive og har gode f resetnader for   tileigne seg ny kunnskap. Dei er samstundes medarbeidarar med god mellommenneskeleg innsikt samt plikt- og ansvarskjensle. Fylkeskommunen vil leggje forholde til rette slik at denne arbeidstakargruppa kan trivast og f  personleg og faglege utviklande arbeidsoppg ver. Vi h per arbeidsgjevarepolitikken v r bidreg slik at tilsette vel   halde fram i l na arbeid til oppn dd pensjonsalder.

Det er  tte tiltak/verkemiddel i den seniorpolitiske handlingsplanen v r. To av tiltaka, stimuleringsstilskot og tilretteleggingstilskot, er direkteretta  konomiske bidrag. Stimuleringsstilskotet er  yremerkt dei seniormedarbeidarane som ikkje har nytta seg av avtalefesta pensjon. Ordninga med tilretteleggingstilskotet er retta mot eininga. Pengane kan brukast til   lette arbeidssituasjonen til seniormedarbeidaren ved til d mes at arbeidstida kortast ned i ein periode eller at ein tek ut heile fridagar. Dette tilskotet er ikkje eit l nstilskot. Samla vart det i 2012 nytta 1 192 130 kr til seniorpolitiske tiltak.

Medarbeidarunders kinga 2012

Medarbeidarunders kinga vart levert av leverand ren v r av bedriftshelsetenester. Sp rjeunders kinga er oppbygd med sp rsm l som er forankra i forskning. Unders kinga vart gjort i oktober 2012.

Arbeidsmilj kartleggingar er eit viktig og naudsynt element i det   drive systematisk HMT-arbeid. Kravet til slike kartleggingar er regulert i arbeidsmilj lova AML  3-1 (c og g) samt i Forskrift om systematisk helse-, milj - og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskriften),




Diagram 5: Gjennomsnittlege fr v er i Sogn og Fjordane fylkeskommune var 5 prosent fordelt med 5,9 prosent kvinner og 3,9 prosent menn. Fr v ret i 2012 er i samsvar med stabiliseringsm let vi har i IA-avtalen.

der i §5 (6). Vi skal gjennomføre løpende kontroll med arbeidsmiljøet, som det heiter i lova.

Ein nyttig og tilsikta sidegevinst er den læringa leiarar og tilsette får når det gjeld å forstå kva faktorar i arbeidet som medverkar til trivsel, helse og yteevne. I tillegg nyttar vi funna opp mot kritisk suksessfaktorar i styringssystemet vårt «balansert målstyring».

Stikkorda for resultatane er høge positive skårar og sterk oppslutning. Heile 83 prosent av alle tilsette i Sogn og Fjordane fylkeskommune deltok i kartlegginga. Det er svært bra og borgar for høg kvalitet på resultatane. Samla viser undersøkinga at dei tilsette i fylkeskommunen trivst og har eit godt forhold til arbeidsgjevaren. Hovudfunna frå undersøkinga kan summerast slik:

- God oppslutning/høg svarprosent - eit godt utgangspunkt (83 prosent)
- Medarbeidarane trivst og har eit godt forhold til arbeidsgjevar
- Nokre skilje mellom sektorane

- Nokre utfordringar (betre oppfølging av nytilsette, betre oppfølging av handlingsplan for likestilling, likeverd og mangfald)
- Arbeidet vert opplevd som stimulerande og meningsfullt
- Samarbeidet vert opplevd særst godt
- Høg arbeids glede
- Høgt engasjement
- Låg utmatting (motlaus, mindre å gi, frustrasjon, konsentrasjonsvanskar, tap av eigenverdi)

Etterarbeid med funna tek til i januar 2013 og skal gjennomførast i heile organisasjonen ned på avdelingsnivå. Hovudkravet til etterarbeidet er å finne fram til bevaringsområder og forbetningsområder som skal konkretiserast i ein eigen handlingsplan. Evaluering av heile prosessen vert avslutta hausten 2013.

Bedriftshelsetenesta

2012 var fyrste året med etablert bedriftshelseteneste. Området viser innsparing då ein har kortare driftsperiode enn planlagt.



Ungar i Lånefjorden på veg til Bokbåten Epos. Foto: Fylkesbiblioteket

Likestilling, mangfald og likeverd

Arbeidsstyrken

Vi har ein arbeidsstyrke på 1464 personar. 56 prosent av dei tilsette i fylkeskommunen er kvinner og 44 prosent menn. 35 prosent av dei tilsette arbeider deltid, mot 34 prosent i 2011. Det er kvinner i sju av ti deltidstillingar. Skeivfordelinga er i hovudsak eit uttrykk for tradisjonelle familiemønster. Menn arbeider heiltid og kvinner deltid. Ei fleksibel haldning til ynskja til medarbeidarane om reduserte stillingar, fører til fleire deltidstillingar og fleire deltidstilsette kvinner. 53 av dei som arbeider deltid ynskjer auka stillingsprosent (41 kvinner og 12 menn). Det er to hovudgrunnar til det høge talet på deltidstillingar i opplæringssektoren:

- Mesteparten av reinhaldsstillingane er knytte til denne sektoren. Det er mange i denne gruppa som er deltidstilsette.
- Kravet til undervisningskompetanse i dei ulike faga gjer at opplæringsoppgåvene må løysast gjennom deltidstillingar for å få timeplanen til å gå i hop innafør tildelte økonomiske ramar.

Det er mange tannhelsesekretærar i deltidstillingar. Høvetalet mellom årsverk og talet tilsette (eksklusive permiterte) viser at tilsette i fylkeskommunen i snitt har ein

stillingsstorleik på 90 prosent. Vi nyttar denne som indikator for positiv eller negativ utvikling på tal deltidstillingar. I 2010 og 2011 var stillingsstorleiken i snitt på 88 prosent.

Lønsstatistikk og lønsforhandlingar

Samla er lønssnittet for kvinner i fylkeskommunen 91,9 prosent av lønssnittet til menn. Tilsvarende tal for heile kommunesektoren var 90,8 prosent i 2011. Hovudgrunnen til dette er stillingsstrukturen mellom kvinner og menn. Tradisjonelle kvinneyrke i fylkeskommunen er kontorstøtte, driftsstillingar og støttestillingar til fagstillingar. Snittlønna til desse gruppene er låg. Dei utgjer 25 prosent av dei tilsette i fylkeskommunen, og det er kvinner i åtte av ti stillingar. Fylkeskommunen har tradisjonelle lønsskilnader som i samfunnet elles.

Kap. 3.4 og 5 får all løn fastsett gjennom lokale forhandlingar. For kommunesektoren var den økonomiske ramma for lønsoppgjeret i kapittel 4 på 4,1 prosent. Av dette vart midlar tilsvarende 1,2 prosent av lønsmassen avsett til lokaleforhandlingar. Resultatet av dei lokale forhandlingane er at kvinner i kap. 4 og 5 har fått eit noko større del i lønstillegg enn det dei tilførte lønspotten. I kap. 3.4 er resultatet omvendt.

Stilling	Kvinner	%	Menn	%	Totalt	%
Heiltid	479	33	474	32	953	65
Deltid	339	23	172	12	511	35
Totalt	818	56	646	44	1464	100

Tabell 4: Oversyn over heil- og deltidstilsette i fylkeskommunen, inkludert 31 permitterte.

Sektor	Heiltidstilsette		Deltidstilsette	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kultursektoren	13	7	4	2
Opplæringssektoren	331	359	256	150
Tannhelsesektoren	49	13	53	4
Sentraladministrasjonen*	86	95	26	16

Tabell 5: Tal heiltids- og deltidstilsette fordelt på sektor, inkludert permitterte.

* Inkludert driftstema i Førde, Sogndal og Årdal med drifts- og vedlikehald av bygningsmassen

Stillingsgrupper	Kvinner	%	Menn	%	Totalt	%
Kontorstøtte	121	9	7	1	128	10
Driftsstillinger og støttestillinger til fagstillinger	132	10	65	5	197	15
Sakshandsamarstillinger	62	5	75	6	137	11
Fagstillinger fylkesarkiv, fylkesbibliotek m.m.	21	2	7	1	28	2
Klinikkjef- og tannlegestillinger	21	2	16	1	37	3
Pedagogiske stillinger	306	24	351	27	657	51
Leiarstillinger	46	4	65	5	111	9
Alle stillingsgrupper	709	55	586	45	1295	100

Tabell 6: Tal årsverk fordelt på stillingsgrupper, eksklusive permitterte.

Sektor	Menn	%	Kvinner	%
Sentraladministrasjonen	14	58 %	10	42 %
Tannhelse	1	50 %	1	50 %
Kultur	1	50 %	1	50 %
Opplæring (skulane og ppt)	51	60 %	34	40 %
Total alle sektorane	67	59 %	46	41 %

Tabell7: Leiarstillinger i fylkeskommunen 2012. Fordeling kvinner og menn.

2009		2010		2011		2012	
Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner
63 %	37 %	59 %	41 %	58 %	42 %	59 %	41 %

Tabell 8: Utviklingstrekk, fordeling av leiarstillinger mellom menn og kvinner. Perioden 2007-2012.

Stillingsgruppe	2009	2010	2011	2012
Kontorstøttestillinger	100,1	98,3	92,3	90,2
Driftsstillinger og støttestillinger til fagstillinger	101,1	99,1	98,5	98,4
Sakshandsamarstillinger	95,4	91,5	92,2	92,5
Fagstillinger, fylkesarkiv, fylkesbibliotek m.m.	103,5	105,3	105,6	108,9
Tannlegestillinger	95,2	91,6	90,2	92,8
Pedagogiske stillinger	98,8	98,2	99,1	100,5
Leiarstillinger	98,0	97,2	100,5	100,2
Alle årsverk	90,1	89,8	90,9	91,9

Tabell 9: Kvinner si løn i prosent av løna til menn rekna etter årsverk. Perioden 2006 til 2011.

Lokale lønsforhandlingar	Del av lønsdanninga		Del av lønstillegga	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kap.3.4. Einingsleiarar og leiarar i sentraladministrasjonen	44,6 %	55,4 %	40,0 %	60,0 %
Kap.4 gjennomgåande stillingsgrupper, undervisningsstillingar og mellomleiarar i skulane	51,9 %	48,1 %	54,9 %	45,1 %
Kap.5. sakshandsamarar, tannlegar og fagstillingar	43,6 %	56,4 %	48,0 %	52,0 %

Tabell 10: Fordeling av lønstillegga mellom kvinner og menn samanlikna med lønsdanninga.

Handlingsplan for likestilling, likeverd og mangfald

Fylkestinget vedtok i juni 2009 handlingsplanen for likestilling, likeverd og mangfald. Planen skulle møte nye lovkrav og inkludere likeverd og mangfald i arbeidet fylkeskommunen gjer for å sikre likestilling og likeverd for alle. Visjon: Sogn og Fjordane fylkeskommune skal vere kjent for å arbeide aktivt for likestilling, likeverd og mangfald. Overordna mål: Tilsette og innbyggjarar i Sogn og Fjordane skal oppleve at Sogn og Fjordane fylkeskommune er ei verksemd som prioriterer og verdset likestilling, likeverd og mangfald.

Delmål:

1. Innan utgangen av 2010 skal fylkeskommunen tilfredstille aktivitets- og rapporteringsplikt i tråd med eksisterande lovkrav (nye frå januar 2009).
2. Innan utgangen av 2012 skal tal tilsette som ufrivillig arbeider deltid vere redusert med 50 prosent, på sikt skal ingen tilsette arbeide ufrivillig deltid.
3. Fylkeskommunen sine tilsette skal spegle mangfaldet som bur i Sogn og Fjordane.

Tiltak i handlingsplanen er:

- 1) Fylkeskommunen sine einingar skal kartleggje, registrere, rapportere, setje i gang og evaluere likestillings-, likeverds- og mangfaldstiltak lokalt. Fylkesrådmannen skal samle inn einingane sine rapportar gjennom linja og samanstille dei.
- 2) Fylkeskommunen skal ta i bruk måleindikatorar for likestilling, likeverd og mangfald i sitt overordna styringsverktøy: Balansert målstyring.
- 3) Fylkeskommunen skal ha ein inkluderande profil som formidlar at mangfald er ein ressurs for fylkeskommunen. Profilen skal syne att i stillingsutlysingar, i informasjonsmateriell, på rekrutterings- og utdanningsmesser, på fylkeskommunen sine nettsider og i trykksaker som omtalar fylkeskommunen og fylkeskommunen sine einingar.

- 4) Ved tilsetjing av traineear skal fylkeskommunen prioritere kandidatar med nedsett funksjonsevne eller med innvandrarbakgrunn
- 5) Fylkeskommunen skal bli betre til å synleggjere viljen og evna til å leggje til rette for mangfaldet i fylket. Det gjeld både som arbeidsgjevar, tenesteleverandør og utviklingsaktør, og skal syne att i vårt planarbeid, våre tilskotsordningar og vår tenesteyting.
- 6) Fylkeskommunen skal halvere tal tilsette som ufrivillig arbeider deltid innan utgangen av 2012. Det skal gjerast i tråd med retningslinjer nedfelt i hovudtariffavtalen og til bruken av deltidsstillingar i § 2.3.2 i hovudtariffavtalen. I tillegg gjeld følgjande interne prosessar:
 - a. Utviklingssamtalen skal nyttast til å kartleggje kven som ynskjer auka stillingsprosent.
 - b. Medarbeidaren skal formidle kva kompetansehevingstiltak som er ønskjeleg.
 - c. Leiar skal vurdere behovet for endra og ny kompetanse ved eininga i eit perspektiv på minst 3 år, samanhalde med prognose for avgang av medarbeidarane.
 - d. Eininga sitt kompetansebehov skal samanhaldast med dei tilsette sine ynskjer.
 - e. Om kompetansehevinga er innafor det behovet som er kartlagt ved eininga, skal det avtalast verkemiddel for at den tilsette skal kunne gjennomføre kompetanseheving for å kome i posisjon til utvida stilling.

I 2012 har vi hatt eit særskilt trykk på tiltak 4, 5 og 6. Likestillingsarbeidet er elles lokalt tilpassa. Det betyr at dei vidaregåande skulane, tannhelsetenesta og sentraladministrasjonen har lokale handlingsplanar som støttar opp om den overordna handlingsplanen til fylkeskommunen. Det gir lokalt eigarskap og mangfald i likestillingsarbeidet. Vi har i det lokale arbeidet lagt vekt på blant anna dette i 2012:

- Systematisk arbeid for kartlegging og reduksjon av uynskt deltid
- Sikre mangfald i arbeidsstokken
- Universell utforming av bygg og uteareal
- Likestilling, likeverd og mangfald er tema i utviklingssamtalen
- Utvikling av kompetanse og arbeidsmetodar for å løyse samansette planutfordringar

Eit konkret døme på mangfaldsarbeid som gir resultat er Dale vidaregåande si deltaking i European Voluntary Service (EVS). Dette bidreg til eit større mangfald på skulen, gjennom at både elevar og lærarar får nye impulsar og konkrete innspel på kulturforskjellar.

I 2012 var det ingen med innvandrar bakgrunn eller med nedsett funksjonsevne inn til intervju på trainee-stillingane. Svak norskkompetanse blant arbeidssøklarar med framandspråkleg bakgrunn er ei utfordring.

Fylkeskommunen har saman med Fylkesmannen og kommunane Flora, Førde og Sogndal delteke i Nasjonalt nettverk og utviklingsprosjekt for universellutforming i fylker og kommunar. Det er gjennomført kurs, seminar og møter knytt til universell utforming. Det har vore arbeid med utvikling av kompetanse og arbeidsformer som bidrar til å løyse samansette oppgåver innan planlegging. Døme på konkrete tiltak er:

- Universell utforming av venterom og uteareal til rutebilstasjonane på Eid og Stryn
- Universell utforming av hurtigbåtar som vart sett i drift i 2012

I tillegg blei anbod for buss lyst ut i november med krav om universell utforming av bussar. Dette arbeidet knyter seg til tiltakspunkt 5.

Når det gjeld tiltak 6 (halvering av tilsette som arbeider ufrivillig deltid), så har fylkeskommunen arbeidd godt med alle fem (a til e) deltiltaka. Fylkeskommunen erstatta medarbeidarsamtalen med utviklingssamtalen i 2010. Denne utfordrar i større grad både leiarar og tilsette til å ta opp aktualitetar kring eininga og kompetansebehovet til den enkelte. Vi har i 2012 gjennomført kurs i utviklingssamtalen for leiarane og vidareutvikla kompetansesystemet vårt.

Vi har i tillegg ei ordning for økonomisk bistand til utdanning. Målet er at tilsette som arbeider ufrivillig deltid skal kvalifisere seg til nye arbeidsoppgåver og slik auke stillingsprosenten sin. To personar søkte og fekk støtte i 2012.

Måloppnåing

I medarbeidarundersøkinga som blei gjennomført i 2012 blei dei tilsette spurde om dei opplever at fylkeskommunen legg vekt på likestilling, likeverd og mangfald for brukarar og tilsette. Svara ligg i snitt mellom «litt samd» og «stort sett samd» i at fylkeskommunen er ei verksemd som prioriterer og verdset likestilling, likeverd og mangfald. Scoren er noko svakare for mangfald enn for likestilling og likeverd. Det gjeld både for dei tilsette og for brukarane. Vi er ikkje heilt i mål enno.

Når det gjeld delmåla, så er delmålet om at fylkeskommunen skal tilfredstille aktivitets- og rapporteringsplikta i tråd med lovkrav nådd.

Vi er usikre på om målet om halvering av uynskt deltid er nådd. Dette skuldast blant anna ulik forståing av kven som skal reknast med når det er snakk om uynskt deltid og ulike metodar for innsamling av tal på dette. Vi veit at gjennomsnittleg stillingsstorleik har gått opp frå 86 prosent i 2007 til 90 prosent i 2012. Det er seks deltidstilsette som har søkt utdanningsstøtte sidan 2010. Einingsleiarane rapporterer om 53 tilsette som ynskjer auka stillingsprosent. Desse tala står i kontrast til at 121 tilsette i medarbeidarundersøkinga i 2012 sa at dei ynskjer auka stillingsstorleik. Det er 21 fleire enn i undersøkinga frå 2007. Når deg gjeld delmål 3 så er ikkje dette tidfesta. Bakgrunnen for det er at det er svært krevjande å telje og konkretisere status når det gjeld innvandrarar og personar med nedsett funksjonsevne. Det er difor vanskeleg både å finne status og å måle endringar. Delmålet er likevel sett opp fordi fylkeskommunen ynskjer å formidle at mangfald blant dei tilsette er ein ressurs.

Bygg og eigedom

Bygge- og eigedomstenesta leverer tenester knytt til eigarfunksjonen til fylkeskommunen. Dette omfattar forvaltning, drift, vedlikehald, utvikling og service. Tenesta skaffar også naudsynte bygg og eigedomar til aktivitetane til fylkeskommunen.

Det er eit mål at verdien av eigedomsmassen ikkje skal verte mindre verdifull. Grunneigedomane og bygningane skal heile tida vere tilpassa behovet til brukarane. Bygningane skal også vere best mogeleg lagt til rette for framtidige endringar.

Planlagde tiltak for investeringar og vedlikehald vart samla sett gjennomført innanfor dei budsjetterte økonomiske rammene i 2012. Dei større byggjeprojekta har også halde planlagt framdrift.

Bygge- og investeringsprosjekt

Sogndal vidaregåande skule

Det første byggesteget ved Sogndal vidaregåande skule / Campus Fosshaugane vart ferdigstilt i 2012. Prosjektet vart teke i bruk i 2011, men utomhusarbeidet vart komplettert våren 2012.

Flora vidaregåande skule

Bygge- og eigedomstenesta har i 2012 arbeidd med prosjektering på byggesteg 3 ved Flora vidaregåande skule. Dette inneber planlegging, anbudsutlysing og kontrahering. Det tredje byggesteget omfattar i hovudtrekk rehabilitering og ombygging av dei resterande bygga ved skulen (blokk 1 og 2) og er planlagt ferdig 2014.

Sogn og Fjordane Kunstmuseum

Nybygget til Sogn og Fjordane Kunstmuseum i Førde vart ferdigstilt som planlagt sommaren 2012. Det vart teke i bruk ved den offisielle opninga 8. september. Bygget har eit totalareal på om lag 2800 m², fordelt på fire etasjar. Prosjektet er eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune (2/3) og Førde kommune (1/3). Staten er òg med på finansieringssida. Samla projektkostnad er 93 mill. kroner.

Andre prosjekt

Bygge- og eigedomstenesta har i 2012 gjennomført ei rekke større og mindre prosjekt innan ombygging, rehabilitering og sikring. Blant desse er prosjektet med skalsikring av

den fylkeskommunale bygningsmassen, ferdigstilling av nytt kantinekjøkken ved Årdal vidaregåande skule, samt oppgradering av fleire naudlys- og brannalarmanlegg.

Planlegging og prosjektering

Sentrale prosjekt under prosjektering i 2012 har vore planane for nytt formidlingsbygg på Gulatinget og etablering av nytt fellesmagasin for Musea i Sogn og Fjordane i Førde. Sistnemnde er eit fellesprosjekt med nytt utstillingsbygg for Sunnfjord Museum i Movika. Prosjekta har vorte handsama parallelt i 2012 med utarbeiding av skisseprosjekt. Prosjekta var handsama i fylkestinget i desember med vedtak om å utsetje og arbeide med kostnadsreducerande tiltak.

Bygge- og eigedomstenesta har i 2012 vore vesentleg involvert i arbeidet med framlegg til ny skulebruksplan. Arbeidet har vore knytt til ulike utgreiingar, tilstandsanalyser, takstar og arealbruk av dei fylkeskommunale skulebygga.

Fysisk miljø og inneklima

Bygge- og eigedomstenesta kartlegg saman med skulane enkle parameter for inneklima basert på temperatur og CO₂-innhald i lufta ved ulik bruk. Aktuelle tiltak vert utførte som akutte prosjekt eller som ein del av vedlikehaldsplanen etter behov.

Bygge- og eigedomstenesta har i 2012 også starta arbeidet med radonmålingar i alle fylkeskommunale bygg. Bakgrunnen for målingane og gjennomføringa er lovpålagd gjennom strålevernforskrifta og forskrift om miljøretta helsevern.

Energisparing, energibruk og miljø

Ei kartlegging i energistyringsprosjektet blei avslutta med ein rapport sommaren 2012. I samband med dette arbeidet vart dei fylkeskommunale bygga energimerka etter forskrift, og ulike satsingsnivå for framtida vart utgreidde i rapporten. Det vert i løpet av 2013 avgjort kva nivå som skal realiserast. Bygge- og eigedomstenesta gjev òg innspel til arbeidet med den planlagde revisjon av klimaplanen til fylkeskommunen. Satsingsnivået på energitiltak blir forsøkt tilpassa dette arbeidet best mogeleg.

Andre oppgåver

Det er organisert driftsteam med til saman femten tilsette ved dei fylkeskommunale bygningane i Sogndal og Førde.

Dei tek seg av den daglege og tekniske drifta av bygningane. Det er i tillegg ein tilsett i denne funksjonen ved Årdal vidaregåande skule. Arbeidsoppgåver er relaterte til dei fleste fagområda. Teama har også ansvaret for servicefunksjonar knytte til daglege driftsoppgåver.

Det vart i 2012 opna ny tannklinikk på Sandane. Bygge- og eigedomstenesta starta også arbeidet med nye lokale for

klinikkane i Årdal og Dale. Arbeidet vart utført i tråd med den vedtekne strategiplanen for sektoren.

Tenesta arbeider også med avklaringar og tingingar omkring eige- eller leigetilhøve for rutebilstasjonar i fylket. Dette har det siste året vore retta mot Nordfjord-regionen etter planen for konkurranseutsetting av bussrutetilbodet her i løpet av 2014.



Sogn og Fjordane Kunstmuseum i Førde. Foto: Oddleiv Apneseth.



Rod Jorgio frå Årdal for fylkesmønstringa til Ungdommens kulturmønstring (UKM) i Operahuset på Eid i april 2012.
Foto: Martin Andreas Aasen Vikesland

Kultur

Kultursektoren har vore styrt i tråd med kulturstrategien for perioden 2008-2011 (forlenga til 2012) og vedteke målekart for kultursektoren 2012.

Nettobudsjettet for kultursektoren var på 63,4 mill. kroner i 2012.

Økonomiske rammer	Rekneskap 2010	Rekneskap 2011	Rekneskap 2012	Budsjett 2012
Tilskot til lag og organisasjonar	8,4	10,8	10,6	10,7
Utviklingstiltak	3,6	3,4	3,7	3,5
Bibliotekføremål	5,8	6,4	6,1	6,2
Arkivføremål	5,3	7,6	9,8	9,8
Museum og kulturminnevern	14,5	13,2	14,5	14,6
Teaterføremål/folkemusikkfestival	8,2	9,2	9,6	9,6
Kulturformidling	8,1	8,2	8,5	9,0
Sum	53,8	58,8	62,9	63,4

Tabell 11: I millionar kroner, netto driftsutgifter

Sektoren forvalta om lag 44,2 mill. kroner i statlege tilskot til andre kulturaktivitetar i fylket (skulesekk, freda bygg, kystkultur, spelemidlar). Det er ein auke på 6 mill kroner frå 2011.

Dei økonomiske og administrative verkemidla skal i aukande grad vere med å utvikle det frivillige og profesjonelle kulturlivet i fylket.

Knutepunktinstitusjonar og museum

Fylkeskommunen gav Norsk Country Treff, Sogn og Fjordane Teater, Opera Nordfjord, Førde Internasjonale Folkemusikkfestival i alt 9,5 mill. kroner i stønad i 2012. Gjeldande finansieringsavtale løyser ut 26,1 mill. kroner frå staten og 3,2 mill. kroner frå vertskommunane.

Musea i Sogn og Fjordane fekk i 2012 11,9 mill. kroner i driftstilskot frå fylkeskommunen. Staten gav tilsvarande 23,9 mill. kroner.

Nybygget til Sogn og Fjordane kunstmuseum vart teke i bruk hausten 2012. Ved opninga 8. september var det meir enn 1000 besøkjande innom nybygget. Desse fekk med seg både utstilling av kunstnarar frå fylket og utstillingar av andre

kjende kunstnarar.

Barn og unge

Sogn og Fjordane Idrettskrins fekk i 2012 1,25 mill. kroner for å drive og utvikle gode idrettstilbod. Spelemidlane var i 2012 på 27,3 mill. kroner til anleggsutbygging.

Den kulturelle skulesekken er godt etablert i fylket. Alle elevane i grunnskule og vidaregåande opplæring får kulturopplevingar og rom for utviklande aktivitet innan scenekunst, dans, visuell kunst, litteratur, kulturarv og musikk.

Ungdommens kulturmønstring (UKM) samla om lag 1200 deltakarar på dei lokale mønstringane i 2012. Fylkesmønstringa var for tredje året på rad lagt til Operahuset på Nordfjordeid. Der deltok om lag 400 ungdommar, 21 av desse deltok på landsmønstringa i Trondheim.

Ungdomspolitisk utval (UPU) valde å utsetje fylkestinget for ungdom i oktober 2012 gå grunn av for få påmelde frå dei kommunale ungdomsråda.

Ungdomspolitisk utval hadde seks møte i 2012. Viktige saker

var planlegging og gjennomføring av nettverkskonferanse og fylkestinget for ungdom, gjennomgang av kontakt og status i fadderråda, tildelingar til kulturkort, skulestruktur i fylket, «sjumilssteget», m.m.

UPU var på fylkestinga i Møre og Romsdal og Hordaland, på ungdomskonferanse om klima og næring i regi av finansminister Sigbjørn Johnsen, studietur til Brussel med Aktiv Ungdom. Dei deltok også på ungdommens storting.

Prosjekt

Kultur og eldre-prosjektet er tverrfagleg og handlar om heilskapstenking rundt helse hjå eldre, med vekt på samanhengen mellom kulturelt engasjement og helsetilstand.

SOSIALE MEDIUM

Kulturbloggen hadde totalt 28 blogginnlegg i 2012. Bloggarane er frå i stor grad frå kulturavdelinga i fylkeskommunen, Fylkesbiblioteket, Fylkesarkivet og Musea i Sogn og Fjordane. I tillegg er ein del innlegg frå gjestebloggarar. Nokre av innlegga har skapt debatt og vorte plukka opp av lokale og dels nasjonale medium. Kultursektoren hadde ved årsskiftet åtte sider på Facebook, med til saman 1565 som likar desse.

Gjennom prosjektet "Mosaik" gjev fylkeskommunen i samarbeid med kommunar og mottak kulturtilbod til personar med flyktning- og asylsøkjjarstatus.

Fylkesarkivet har ein stor del av sin aktivitet knytt til kulturformidling og bidreg aktivt til å utvikle nye tilbod og nå nye grupper. Det er auka pågang frå publikum på alle fagfelt. Fleire tilfelle av driftsbrot på databasetenestene i 2012 har skapt problem og misnøye hjå brukarar og samarbeidspartar.

Planlegging av fylkesjubileet 2013 kom godt i gang. Arbeidet med fylkessoga er også godt starta i regi av Høgskulen i Sogn og Fjordane

Kulturminne

Fylkeskommunen har eit mål om at kulturminna skal vere ein ressurs for identitet og utvikling av Sogn og Fjordane. Målet skal nåast gjennom arkeologiske registreringar, tilskot og arbeid med freda bygg og anlegg, fartøyvern, fredingssaker og kulturminne frå nyare tid.

Kvernsteinsbrota i Hyllestad kan verte den tredje verdarvstaden i Sogn og Fjordane. Norsk kvernsteinsenter vart i 2012 vedteke konsolidert med Musea i Sogn og Fjordane.

Prosjektet lokale kulturminneplanar starta i 2012, målet er



Fylkeskulturprisen 2012 gjekk til Bremanger Musikklag. Dirigent Trond Strand og Anne Kristoffersen tok imot prisen av fylkesordførar Åshild Kjelsnes under fylkestinget i desember. Foto: Birthe Johanne Finstad/Sogn og Fjordane fylkeskommune.

at alle kommunane i fylket skal delta. Ved årsskiftet hadde så godt som alle kommunane komme igong med i dette arbeidet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune deltok i fleire internasjonale prosjekt i 2012. THING og Coast Alive vart ferdigstilte.

«Kongevegen over Filefjell» vart tatt opp i verdiskapingsprogrammet til Riksantikvaren. Målet er å knyte saman ein elleve mil lang turveg mellom Lærdalsøyri i vest og Vang i Valdres i aust. Prosjektet er del av reiselivssatsinga på begge sider av fjellet.

Organisatorisk utvikling og effektivisering

Evalueringa av fylkesmusikarordninga vart fylgt opp med ein rapport som hovudutvalet for kultur vedtok i september 2012. Fylkeskommunen vil på sikt gjere ordninga om til ei distriktsmusikarordning.

Fylkeskommunen har inngått eit forpliktande samarbeid om bibliotekutvikling med kommunane. Arbeidet skal styrkje rolla til fylkesbiblioteket som kompetansesenter og regional utviklingsaktør. Det er inngått avtale om transportordning mellom 24 kommunar, fylkeskommunen og Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Meir bruk av videokonferanse er eit miljøtiltak og gjev også innsparing i reisetid. I tillegg er det gjennomført tiltak for å betre kvaliteten på enkelttenester. Organisasjonen deltek i arbeidet med å bli betre på å handtere søknader om tilskot. Tenestene blir evaluerte årleg. For å hindre at søknader skal falle mellom stolar er det oppretta faste drøftingsmøte med andre avdelingar. På den måten skal søknadane bli kanaliserte dit dei passar best. Elektroniske søknadsskjema er tekne i bruk med gode resultat.

Kurs og møteverksemd

Fylkeskommunen har gjennomført dialogmøte mellom Norsk Kulturråd og kunst- og kulturaktørar i Sogn og Fjordane. Målet er å gjere verkemidla til Norsk Kulturråd betre kjende for potensielle søkjarar i fylket.

Vi har gjennomført fleire kurs i å skrive søknader i samarbeid med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, bispedømerådet og Norsk Kulturminnefond. Målet er å gjere ulike ordningar betre kjende for kulturlivet i fylket og auke kompetansen i å utforme gode søknader.

Konferansen «Kunst i bristepunktet mellom bygda og verda» sette søkjelys på kåra til kunstnarane i fylket. Konferansen «Musikk i kyrkja» bidrog både til å drøfte kyrkjerommet som kulturarena og musikktilbodet i kyrkja.

Det er i 2012 gjennomført to kurs for tilsette i kunst- og kultursektoren med tanke på produksjon av relevant stoff for Wikipedia.

Nynorsk

Rapporten «Språkfakta Sogn og Fjordane 1646-2012» var grunnlag for sak i fylkestinget om «Nynorsksatsing i Sogn og Fjordane». Eit nynorsk forum i Sogn og Fjordane er etablert som eit nettverkssamarbeid mellom offentlege, frivillige og private organisasjonar.

Sogn og Fjordane fekk prisen Årets nynorsk-kommune 2012. Prisen vert delt ut av kommunal- og regionaldepartementet.

Fylkestingssaker

Dei viktigaste fylkestingssakene dette året:

- Nynorsksatsinga.
- Filmsatsinga for perioden 2012-2014. Dette er eit samarbeid mellom fylkeskommunen, Vestnorsk filmsenter, filmkommisjonen og filmfondet FUZZ.
- Sak om Selje kloster og oppfølging av utviklingstiltak
- Sak om fellesmagasin for musea og formidlingsbygg på tusenårsstaden Gulatinget.



Elevar ved restaurant
og matfag ved Måløy
vidaregåande skule.
Foto: Bente Vonheim/
Måløy vidaregåande skule

Opplæring

Økonomiske rammer

Opplæringssektoren hadde eit nettobudsjett på 766,5 mill. kr i 2012. Rekneskapen viser eit samla mindreforbruk på 3,8 mill. kr.

Reduserte kraftprisar gjev ei innsparing på 4,5 mill. kr på oppvarming av skulane. Elles er det mindre avvik på fleire postar:

- *Drift av dei vidaregåande skulane*
Midlane vert fordelte til skulane som følgje av vedteke opplæringstilbod. Rekneskapen viser eit mindreforbruk her på 1,5 mill. kr.
- *Drift og vedlikehald av skulebygg*
Rekneskapen viser eit mindreforbruk på 3,7 mill. kr, i hovudsak som følgje av reduserte straumutgifter på skulebygg.
- *Fellesutgifter for skulane (kompetanseutvikling, kostnad med inntakssystem, rekruttering osv.)*
Meirforbruket på om lag 1,1 mill. kr skuldast i hovudsak kostnader knytte til prosjekt finansiert over statlege midlar. Dette må avreknast mot løyvinga i 2013.
- *Tilpassa opplæring (inkl. pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) og oppfølgingsteneste (OT))*
Mindreforbruket i 2012 knyter seg til tilpassa opplæring, oppfølgingstenesta og PPT-kontora.
- *Fagopplæring (fagprøver/kompetanseprøver og tilskot til lærebedrifter)*
Meirforbruket i 2012 skuldast fagprøvar og ekstramidlar til fagopplæring. I tertialrapport 1/12 (FT-sak 29/12)

vart det vedteke å nytte om lag 900 000 kr av løyvinga til tilskot til lærebedrifter for å finansiere eit vg3-tilbod. Desse elevane vart likevel formidla ut i lærebedrifter, og midlane står difor unytta på løyvinga til drift av dei vidaregåande skulane.

- *Andre område (landsliner, Fagskulen i Sogn og Fjordane og vaksenopplæring)*
Programområdet gjekk om lag i balanse i 2012.

Aktivitetstal

Det var i 2012 totalt 5 429 søkjarar til vidaregåande opplæring, om lag det same som i 2011. 552 søkte opplæring i bedrift, noko som er 109 fleire enn i 2011. 5 016 av søkjarane hadde ungdomsrett, av desse 467 til bedrift.

Skuleåret 2012-2013 vart 4306 elevar tekne inn til dei fylkeskommunale vidaregåande skulane, same tal som året før. I tillegg har vi 71 elevar som går på skule i andre fylke, og 78 som går på privatskule i Sogn og Fjordane.

Det var ved utgangen av 2012 registrert 849 løpande lærekontraktar, ein auke på 106 frå året før. Det var på same tid 68 løpande opplæringskontraktar, ein auke på 21.

Det vart inngått 549 nye lærekontraktar og 55 nye opplæringskontraktar i 2012. Det er ei auke på høvesvis 118 og 34 samanlikna med fjoråret. 132 av lærekontraktane vart inngått i andre fylke, mot 90 året før.

62 nye lærebedrifter vart godkjende i 2012 (mot 49 i fjor).

Økonomiske rammer	Rekneskap 2010	Rekneskap 2011	Rekneskap 2012	Budsjett 2012
Drift av dei vidaregåande skulane	483,9	503,0	523,8	525,3
Fellesutgifter for skulane	15,3	14,5	17,7	16,6
Drift og vedlikehald av skulebygg	35,4	31,9	33,4	37,1
Tilpassa opplæring	85,5	85,5	89,2	92,1
Fagopplæring	62,0	64,8	68,8	65,9
Andre område på opplæring	29,2	31,4	29,7	29,5
Sum	711,5	731,1	762,6	766,5

Tabell 12: I millionar kroner, netto driftsutgifter

Fylkeskommunen sette i gang 14 ulike kurs for vaksne, seks færre enn året før. Desse hadde til saman 209 deltakarar, ein nedgang på 109.

Kvalitet i vidaregåande opplæring

«God - betre - best» - Mål- og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane vart vedteke av fylkestinget i april 2012. Hovudutvalet for opplæring vedtok det tilhøyrande handlingsprogrammet for 2012-2015 i juni.

Prioriterte område i 2012 var:

- Gjennomføring i vidaregåande opplæring
- Karriererettleiing
- Vurdering
- Digital kompetanse

Gjennomføring i vidaregåande opplæring

Ny GIV er eit nasjonalt prosjekt (2010-2013) for å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring. Alle kommunane i Sogn og Fjordane er no med i Ny GIV satsinga. Fylkeskommunen gjennomførte dialogmøte med kommunane der overgang mellom skuleslaga, læringsresultat og gjennomføring var tema.

Prosjektet er tredelt:

- Overgangsprosjektet konsentrerer seg om overgangane i grunnopplæringa, spesielt mellom ungdomsskule og vidaregåande skule.
- Oppfølgingsprosjektet er retta mot ungdom som har slutta, og som ikkje er i opplæring og/eller arbeid.
- Statistikkprosjektet er grunnlaget for det nasjonale gjennomføringsbarometeret. Prosjektet utarbeider eit felles indikatorsett for gjennomføringa i vidaregåande opplæring. Statistikkane skal vere grunnlaget for tiltak retta mot målgruppa for prosjektet.

Overgangsprosjektet

Dei fleste elevar frå grunnskulen har direkte overgang til vidaregåande opplæring. I 2011 starta 98,1 prosent av elevane i 10. klasse i fylket direkte på Vg1 (97,7 prosent nasjonalt). Utfordringa er å få elevane til å ha ordinær progresjon gjennom vidaregåande opplæring. Elevar i fylket vårt har god gjennomføring på fem år, men ikkje så god når det gjeld ordinær progresjon på tre år.

Målet med Ny GIV-prosjektet er at talet elevar som går vidare frå Vg1 til Vg2 i vidaregåande opplæring skal auke med to prosentpoeng kvart år i prosjektperioden. I Sogn og Fjordane er auken på opp mot tre prosent frå 2010 til 2011.

Den største utfordringa er overgangen frå Vg2 yrkesfag til Vg3/opplæring i bedrift. I 2011 gjekk 66 prosent av elevane vidare frå vg2 til vg3/opplæring i bedrift, mot 80,3 prosent året før. Sluttarar på Vg2 og Vg3 har ein negativ trend dei fem siste åra.

Oppfølgingsprosjektet

Omfattar ungdom utanfor opplæring og arbeid. Det viktigaste målet til oppfølgingstenesta (OT) er å få ungdom i aktivitet. Hovudgrunnen til at ungdom vert tilmeldt OT, er at dei ikkje er i vidaregåande opplæring. I Sogn og Fjordane har OT 101 ungdomar i målgruppa per 1. februar 2012. Å etablere kontakt med denne målgruppa er ei viktig oppgåve i Ny GIV-prosjektet.

Tiltak i Ny GIV

- Det er sett i verk fire ulike prosjekt ved nokre av dei vidaregåande skulane. Prosjekta er ulike, og alle har som mål å styrke oppfølginga av elevar som vurderer å slutte, eller som har avslutta vidaregåande opplæring.
- Det er etablert eit system der alle elevar som vurderer å slutte skal ha ein avklaringssamtale med skulen.
- Avklaringssamtalen har som mål å opprette ein oppfølgingsavtale, som sikrar eleven tettare oppfølging frå skule, OT og NAV.
- Tilbodet om sommarskule er eit viktig bidrag for å sikre at fleire gjennomfører vidaregåande opplæring. Sommaren 2012 deltok til saman 19 elevar på sommarskule i matematikk og naturfag.

Karriererettleiing

Hovudutvalet for opplæring vedtok i 2012 ein ny og varig organisering for Karriere Sogn og Fjordane. Denne gjeld frå 1. januar 2013. Det er oppretta fire karrieresenter i fylket, i Dale, Førde, Sogndal og på Nordfjordeid. Kontora ligg i tilknytning til NAV-kontora i vertskommunane, og tenesta skal utviklast i tett samarbeid med NAV. Hovudoppgåva er, i samarbeid med grunn- og vidaregåande skular, karriererettleiing og vaksenopplæring for unge og vaksne som ikkje går i skule. Karriere Sogn og Fjordane er eit partnerskap mellom fylkeskommunen, NAV og kommunane i HAFS-regionen og Nordfjord. I tillegg er det inngått samarbeidsavtalar med NHO, LO, Høgskulen, Fagskulen i Sogn og Fjordane, Ungt Entreprenørskap og Framtidsfylket.

Vurdering

Målsetjinga om at elevar frå Sogn og Fjordane skal ha karakterar som ligg over landsnittet er nådd til eksamen i 10 av 15 programfag og i 7 av 14 fellesfag skuleåret 2011/2012. Dersom vi samanliknar standpunktvrdering, ligg Sogn og Fjordane likt med eller over landsgjennomsnittet i 14 av 20 fellesfag (studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram) og i 11 av 16 programfag (studieførebuande utdanningsprogram). Avviket mellom standpunktvrdering og eksamensresultatet er på 0,24 karaktergrader i 2011/2012. Det er tatt med standpunktvrdering i alle fag- og eksamenskarakter i fag der det har vore eksamen. Det har i alle fagnettverka vore arbeid med temaet vurderingsarbeid. Fem av dei vidaregåande skulane starta opp med satsinga Vurdering for læring.

Digital kompetanse

Ordninga med berbar PC for alle som tek til på vidaregåande skule, vart dette året evaluert av elevar og skular. Resultatet av evalueringa vil vera retningsgjevande for ei eventuell endring av ordninga framover. Utvikling av digital kompetanse og tryggleik ved eksamen har vore prioriterte område også dette året.

Kompetanseutvikling

24 lærarar frå fylket tok i 2012 vidareutdanning i prioriterte fag, norsk og realfag, dei fleste på masternivå. 20 skuleleiarar har byrja på leiaropplæring (rektorskulen), og 13 lærarar tok vidareutdanning etter den statlege ordninga Kompetanse for kvalitet. Tre skular har delteke på IKT-didaktikkstudium arrangert av Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Skulebruksplanen

Det vart i 2012 sett i gang eit arbeid med *Skulebruksplan for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2013-2024*. Her ser fylkeskommunen på korleis vidaregåande opplæring bør organiserast, og korleis fylkeskommunale bygg og eigedomar skal nyttast. Norconsult utarbeidde på vegner av fylkeskommunen ulike modellar for framtidig skulestruktur. Det er gjennomført informasjonsmøte på alle skular, og det vart arrangert tre regionale medverknadsverkstader. Der fekk alle tilsette ved skulane komme med innspel til prosessen. Det er også gjennomført ei leiarsamling med endringsleing som tema. Planen skal til politisk handsaming i juni 2013.

Bygge- og investeringsprosjekt

Første byggesteg ved Sogndal vidaregåande skule/Campus Fosshaugane vart ferdigstilt i 2012. Den nye skulen vart teken i bruk til skulestart i 2011, medan uteområdet og nokre tekniske anlegg vart kompletterte våren 2012.

Det har i 2012 også vore arbeid med prosjektering på byggesteg 3 ved Flora vidaregåande skule. Dette inneber planlegging, anbudsutlysning og kontrahering. Byggesteget omfattar hovudsakleg rehabilitering og ombygging av dei resterande bygga (blokk 1 og 2) ved skulen og er planlagt ferdig 2014.

Det er i løpet av 2012 gjennomført ei rekke større og mindre prosjekt innan ombygging, rehabilitering og sikring. Blant desse er prosjektet med skalsikring av den fylkeskommunale bygningsmassen der Hafstad og Høyanger vidaregåande skular er ferdig installerte. Vidare har det vore ferdigstilt nytt kantinekjøkken ved Årdal vidaregåande skule, samt oppgradering av fleire nøddlys- og brannalarmanlegg på ulike skulebygg.

Effektiviseringstiltak i 2012

Gruppene i dei vidaregåande skulane er i skuleåret 2012-2013 om lag 94 prosent fylte opp (95 prosent året før). På studieførebuande utdanningsprogram er oppfyllinga om lag

94 prosent (93 prosent året før), medan dei yrkesførebuande utdanningsprogramma har ei oppfylling på om lag 94 prosent (97 prosent året før).

Oppfylling per nivå er:

- Vg1 95 prosent (97 prosent året før)
- Vg2 92 prosent (95 prosentåret før)
- Vg3 95 prosent (91 prosent året før)

(Kjelde: Søkjar og opplæringsstatistikk 2012-2013).

Opplæringstilbodet i 2012 samsvarer i stor grad med ønska til søkjarane.

Folkehelse

Miljøkoordinatorane, skulehelsetenesta og folkehelsegruppene er sentrale i arbeidet med førebygging og psykososialt miljø i skulekvardagen. Psykisk helse var hovudtema på den årlege rådgevarkonferansen hausten 2012.

Skulane gjennomfører førebyggingstiltak når det gjeld rus og tobakk.

Skulane har også tilbod om fysisk aktivitet, gjennom tilbod på ettermiddag- og kveldstid og som aktivitetsdagar gjennom året. Godt tilrettelagde uteområde er viktige tiltak for å få til auka fysisk aktivitet. Forventning om sjølvfinansierte kantiner gjer arbeidet for sunne mattilbod i kantinene noko utfordrande.

Skulane har ulike tiltak for trafikktrygging, med særlege opplegg for russen. Ni skular fekk tildelt midlar frå Fylkestrafikktryggleiksutvalet i 2012. Ein skule deltek i eit prosjekt i regi av Kommunal- og regionaldepartementet om føraropplæring i tilknytning til vidaregåande skular. Kring 120 lærlingar hadde i 2012 trafikktrygging som tema på regionvise lærlingsamlingar.

Fylkestinget handsama

- Sak 0005/12 17. april: Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012-2015
- Sak 0008/12 17. april: Kjøp av nytt felles skuleadministrativt system (SAS)
- Sak 0031/12 5. juni: Rullering av investeringsplan for bygg- og anlegg - Justert framdrift
- Sak 0033/12 5. juni: Trivselshagen IKS - auka låneramme
- Sak 0041/12 16. oktober: Flora vidaregåande skule - Rehabilitering av blokk 1 og 2 - Byggetrinn 3
- Sak 0045/12 16. oktober: Praksisopplæring for elevar i maritim og marin opplæring i Sogn og Fjordane - alternative løysingar
- Sak 0064/12 11. desember: Opplæringstilbodet 2013-2014 - finansiering av ei gruppe vg2 Brønnteknikk



Selje kloster. Foto: Gunnvor Karita/www.flickr.com

Plan og næring

Økonomi

Sektoren plan og næring hadde eit budsjett på 121,055 mill. kr til utviklingstiltak i fylket i 2012. Midlane gjekk til næringsarbeid, regional planlegging, lokal samfunnsutvikling, folkehelse og miljø og naturressursar. Sjå tabell for større satsingar.

Kommunal- og regionaldepartementet tildelte i tillegg 38,13 mill. kr i kompensasjon for høg arbeidsgjevaravgift i Flora, Sogndal og Førde. Midlane var forvalta av stiftinga Interkommunal næringsretta utviklingsordning - Førde, Sogndal og Flora (INU-FSF) på grunnlag av handlingsplan godkjent av fylkeskommunen. Vi fekk òg 8,09 mill. kr til utbygging av breiband og mobildekning.

Større satsingar	Rekneskap 2010	Rekneskap 2011	Rekneskap 2012	Budsjett 2012
Bedriftsretta tiltak gjennom Innovasjon Norge	45	46	41,7	41,7
Omstillingsarbeid i kommunar	7,7	9,3	9	7,2
Kommunale næringsfond	12,4	14,5	18,5	18,5
Reiselivssatsing	6,1	6,9	10,9	11,2
Tettstadutvikling	5,1	5,6	5,2	5
Folkehelsesatsing	2,2	4,5	4,75	4,75

Tabell 13: I millionar kroner, netto driftsutgifter

Regional planstrategi

Fylkestinget vedtok i oktober 2012 regional planstrategi for Sogn og Fjordane 2012 til 2016. Formålet med regionale planstrategiar er vise kva som er dei største utfordringane for fylket, og kva planar vi skal lage i inneverande valperiode for å møte utfordringane.

Fylkestinget vedtok å utarbeide følgjande nye regionale planar:

- regional transportplan
- regional plan for skulebruk / skulebruksplanen
- regional plan for verdiskaping
- regional plan for folkehelse
- regional plan for kystområda

(Regional plan etter plan- og bygningslova kap. 8 eller interkommunalt plansamarbeid etter plan- og bygningslova kap. 9.)

Det er også vedteke å revidere Regional plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.

Kommunane er viktige samarbeidspartnarar

Kommunale planstrategiar

Dei fleste kommunane jobba i 2012 aktivt med å lage kommunale planstrategiar. Fylkeskommunen har arbeidd med den strategiske leiinga i kommunane for å skape større forståing for korleis dei kan bruke planarbeidet til eit systemtisk og langsiktig utviklingsarbeid. Planforum har vore nytta som drøftingsarena for samfunnsdelen i kommuneplanen.

Næringsutvikling i kommunane

Næringsutvikling i kommunane er eit prioritert satsingsområde for fylkeskommunen. Kommunane er sentrale samarbeidspartnarar i næringsarbeidet.

Løyvingane til kommunale næringsfond var 18,5 mill. kr i 2012. Dette er same sum som i 2011 og ein auke på om lag 4 mill. kr frå 2010. Kommunane må ha oppdaterte planar på næringsutvikling og tilfredsstillande førstelineteneste for etablerarar for å få støtte frå fylkeskommunen.

Breiband og mobildekning

Det vart i 2012 fordelt 10 mill. kr til utbygging av breiband og mobildekning:

- 8 mill. kr vart fordelt til fiberprosjekt.
- 2 mill. kr vart fordelt til mobil og andre breibandløysingar.

Kommunal næringsutvikling

Prosjektet Kommunal næringsutvikling skal styrkje det offentlege næringsapparatet. Det skal gjere førstelinetenesta betre i stand til å møte etablerarar og bedrifter på ein god måte. Prosjektet er eit samarbeid mellom fylkeskommunen, Innovasjon Norge, Fylkesmannen og kommunane. Det er gjennomført ei omfattande satsing på etablerarkurs. Det er utarbeidd nye retningslinjer for kommunale næringsfond, og organiseringa av næringsapparatet er gjennomgått. Det er også arrangert fleire kurs og samlingar for tilsette i næringsapparatet.

Tettstadforming

Det vart tildelt 5 mill. kr som prosjektstøtte til stadanalyser og kommunale opprustingsprosjekt i sentrumsområde i 2012. Støtta gjekk til prosjekt i kommunane Vågsøy, Gaular, Leikanger, Jølster (to prosjekt), Flora, Naustdal og Sogndal. Det var sett av 300 000 kr i budsjettet for 2012 til strandsoneanalyse. Gulen kommune bruker strandsoneanalyser for alle sine kommunedelplanar og fekk tilsegn på heile potten i 2012.

Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK)

Sogn og Fjordane fylkeskommune er med i satsinga Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK) i regi av Kommunal- og regionaldepartementet (KRD). Målet er å styrkje utviklingskompetansen i fylkeskommunen og kommunane. Kommunane skal bli styrkte som utviklingsaktørar og bli flinkare til å ta vare på lokale initiativ.

Bulyst

Fylkeskommunen støttar prosjektet som er med i Bulyst-satsinga til KRD. Målet er å leggje til rette for auka bulyst og meir attraktive lokalsamfunn. Ti prosjekt frå Sogn og Fjordane har vore med (to er avslutta). Prosjekta jobbar med lokal samfunnsutvikling knytt til nyskapande bustadutvikling, ungdom og entreprenørskap, kultur næring, reiseliv og attraktivitet.

Omstilling

Kommunane Askvoll og Hyllestad hadde omstillingsstatus gitt av Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2012. Lærdal kommune fekk omstillingsstatus i september 2012, og arbeidet her skjer i samarbeid med Årdal kommune.

Det vart løyvd totalt 7,2 mill. kr i ordinære omstillingsmidlar i 2012. Desse vart fordelte slik:

- Hyllestad 2,85 mill. kr
- Askvoll 2,35 mill. kr

- Lærdal 1 mill. kr
- Årdal 1 mill. kr
- Restmidlar overført til 2013: 1,8 mill. kr

Erfaringane med omstillingsarbeidet viser at kommunane får styrkt næringsutviklingsevne og eit meir robust og variert næringsliv.

Innovasjon, forskning og utvikling

Regionalt forskingsfond Vestlandet hadde tre utlysingar i 2012. Alle tre lyste ut forprosjekt og den eine også hovudprosjekt. Det var fire tema for begge prosjekttypar:

- a) berekraftig matproduksjon
- b) energi og maritim sektor
- c) reiseliv
- d) offentlege utviklingsoppgåver

I Sogn og Fjordane fekk seks forprosjekt og to hovudprosjekt støtte:

Forprosjekt

- Frøyanes AS - Nye typar katte- og hundemat basert på miljøvennleg linefanga fisk.
- Sogn Regionråd - Forprosjekt psykologisk førstehjelp i skulen.
- Nærøyfjorden Verdsarvpark - Besøksforvaltning og lokal reisemålsutvikling. Utvikling av metode og modellar for norsk reiselivsnæring.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune - Kunnskapsbasert og heilskapleg kystsoneplanlegging som grunnlag for en bærekraftig akvakulturnæring på Vestlandet.
- Balholm AS - Biologisk kontroll av skadedyr i norsk fruktdyrking.
- Bratt Moro AS - Friluftsliv, turisme og busetnad: Hvor skjer verdiskapningen?

Hovudprosjekt:

- Vindkraftforum Sogn og Fjordane - Nettintegrasjon av vindkraft i Sogn og Fjordane.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune - Samspel for berekraftig reiseliv. Vilkår for styrkt samspel mellom statlege, regionale og lokale styresmakter for eit berekraftig reiseliv.

Miljø i fylket er i tillegg involverte i to andre forprosjekt og fire andre hovudprosjekt.

Fylkeskommunen er med i VRI-satsinga - verkemiddel for regional forskning, utvikling og innovasjon - til Forskringsrådet. Fylkeskommunen har styrkt banda til det teknologiske forskingsmiljøet i Trondheim og det marine forskingsmiljøet i Bergen. Innsatsen er spissa kring to tema: Fornybar energi og marine næringar. I tillegg arbeider fylkeskommunen gjennom VRI med kompetansemekling også utanom dei to

temaområda. Kompetansemeklaren knyter kontakt mellom bedrifter og forskingsmiljø. Innsatsområda er godt forankra i overordna planar.

Næringshageprogram

To samarbeidskonstellasjonar vart tekne opp i Næringshageprogrammet for 2012: Sognefjorden Næringshage og Næringshagane i Nordfjord

Interkommunal næringsretta utviklingsordning - Førde, Sogndal og Flora

Kommunane Førde, Sogndal og Flora har høgare arbeidsgjevaravgift enn andre kommunar i fylket og får dei kompensasjon for det gjennom statsbudsjettet. Stiftinga INU-FSF tildelte 35,1 mill. kr til regionale fellestiltak og 3 mill. kr i bedriftsretta støtte i 2012.

Dei største løyvingane i 2012 gjekk til:

- Tettstadutvikling (Førde, Flora og Sogndal) - 7,5 mill. kr
- Regionhamn Sunnfjord - 10 mill. kr
- Reiseliv - 4,5 mill. kr
- Fornybar energi, innovasjon og regional utvikling - 2,5 mill. kr
- Hafstadparken - 2,5 mill. kr
- Fjordinkubator - 2,5 mill. kr
- Industriprosjektet Flora/Industriinkubatoren 1 mill. kr

Oljeverksemd

Agenda Kaupang var i 2012 engasjert for å lage ein strategisk utviklingsanalyse for petroleumsverksemda i fylket. Næringslivet og andre interessentar har delteke i prosessen, mellom anna gjennom godt oppmøte på to arbeidsseminar. Engasjementet synte att på petroleumskonferansen Vekst i Vest, som trekte 260 deltakarar i september.

Det har vore mykje aktivitet ved Fjord Base i Florø, og diskusjonane om retning og omfang av baseutviding er aktive. Statoil er største kunden på basen. GdF Suez er det andre oljeselskapet som er representert. Knarr-feltet, som har BG Norge som operatør, er under utvikling. Det blir bygd opp ei base- og driftsavdeling i Florø fram mot driftsstart hausten 2014.

Det er opparbeidd infrastruktur som ligg klar for ny aktivitet på Lutelandet. Viktige satsingsområde her er å rive utrangerte offshoreinstallasjonar og teste og montere utstyr til offshore vind.

Fornybar energi

Vindkraftforum samla i 2012 om lag 100 deltakarar til leverandørseminar. Programmet var konsentrert om leveransmoglegheiter knytt til vindkraftprosjekt under utvikling i fylket.

Sogn og Fjordane Skogeigarlag og Sogn og Fjordane Bondelag står bak bioenergi-prosjektet i Sogn og Fjordane. Målet er å

leggje til rette for auka uttak og leveranse av skogsvirke til energiproduksjon.

Bedriftsnettverket i Sogn og Fjordane står bak initiativet Energiregion Sogn og Fjordane.

Havbruk og fiskeri

Tre program innan marin næringsutvikling vart følgde opp i 2012:

1. *Arbeidsprogram rekruttering marin sektor*
 Dette omfattar i hovudsak finansiering og organisering av årlege marine rekrutteringsleirar og marine næringsleirar for rådgjevarar i grunnskule og på vidaregåande nivå. Elevar frå 13 ungdomsskular deltok på rekrutteringsleiren.
2. *AHA! (Arbeidsprogram for heilskapleg akvakulturforvaltning)*
 Programmet har som mål å bidra til meir kunnskapsbasert akvakulturforvaltning, både på tvers av kommunegrenser og på tvers av forvaltningsnivå og -organ. Det vart i 2012 blant anna gjennomført ein konferanse om villaks i Lærdal. Det vart arrangert eit møte med Fiskeri- og kystdepartementet og Miljøverndepartementet, og AHA! initierte også to forprosjekt.
3. *Vestlandsamarbeidet marin sektor (VestMarin)*
 Dette er eit marint samarbeid for næringsutvikling innan havbruk, fiskeri, sjømat og bioteknologi. Rogaland, Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane deltek.

Fylkeskommunen er med i internasjonalt marint samarbeid gjennom Nordsjøkommissjonen.

Reiseliv

2012 var det første driftsåret for reiselivsplanen i Sogn og Fjordane 2010–2025. Hovudutvalet for plan og næring (HPN) løyvde midlar og mynde til ei styringsgruppe som skal samordne og koordinere reiselivssinnsatsen i fylket. Fylkeskommunen løyvde 11,2 mill. kr til reiseliv i 2012.

Midlane var fordelte slik:

- Fjord Norge - 4 mill. kr
- Reiselivstilbod på Sognefjorden - 1,4 mill. kr
- Satsing på film - Fuzz og Western Norway Film Commission - 0,5 mill. kr
- Norwegian Center of Expertise (NCE) Tourism Fjord Norway - 0,35 mill. kr
- Adm. styringsgruppa for reiselivsplanen og infrastrukturprogrammet - 0,2 mill. kr
- Styringsgruppa for reiselivsplanen - 4,75 mill. kr.

Styringsgruppa har også disponert reiselivsmidlar frå INU-FSF. Styringsgruppa har støtta ei lang rekkje tilretteleggande tiltak i form av til dømes ruteutviklingsprosjekt, kunnskapsinnhenting, analysar og den årlege reiselivskonferansen.

Landbruk

Fylkeskommunen peikte i fråsegna til jordbruksoppgjæret 2012 kor viktig det er å prioritere grovfôrbaserte produksjonar som mjølk og kjøtt i tillegg til frukt og bær. Vi fordelte i 2012 1,6 mill. kr til tiltak for å auke rekrutteringa til landbruket, auke kompetansen i næringa og arbeide for betra likestilling. Midlane blei fordelte slik:

- 500 000 kr til nettbasert agronomutdanning
- 400 000 kr til korte kurs i landbruket
- 700 000 kr til prosjektretta tiltak innan rekruttering, kompetanseheving og likestilling.

Bedriftsretta støtte gjennom Innovasjon Norge

Fylkeskommunen løyvde 41,7 mill. kr til Innovasjon Norge i 2012. Hovudsatsingane innan næringsutvikling var

- reiseliv
- mat, marin næringsutvikling og landbruk
- næringsretta energisatsing
- kommuneretta næringsarbeid
- FoU og innovasjon
- kunnskapsintensiv og kreativ verksemd

Ungdom, kvinner og innvandrarak var prioriterte målgrupper.

Fylkesplanprogram fornying av offentleg sektor og ikt

2012 var det siste året for fylkesprogram for fornying av offentleg sektor og ikt.

Programmet vart lagt ned, men heldt fram som eit samarbeid mellom Fylkesmannen og fylkeskommunen under namnet «Samhandling om fornying og utvikling av offentleg sektor».

Mål og satsingar

Dei overordna måla (som ligg til grunn for programstyret sitt arbeid) er forankra i handlingsplanen Folkestyre, medverknad og offentleg verksemd:

- Styrkje folkestyre, medverknad og fornying av offentleg sektor.
- Utvikle ein robust offentleg sektor som utnyttar ressursane effektivt, kommuniserer godt med innbyggjarane og produserer tenester med høg kvalitet for innbyggjarar, næringsliv og frivillig sektor.

Programstyret har mål om å

- samordne ressursbruk i arbeidet med å fornye offentleg sektor i fylket
- etablere nettverk og arenaer for å utveksle erfaring og læring i sektoren
- etablere fylket som leiande i bruk av IKT som verkty for å effektivisere, brukardialog og tenester.

For 2012 sette Fylkesmannen av fem millionar og

fylkeskommunen 2 934 860 kr. Dette var løyvingar på 2,4 pluss midlar frå tidligare år.

Midlane blei brukte slik:

Sats på skulen - snu Sogn (barnehage og entreprenørskap)	450 000 kr
Norsk for framtida - del 2	500 000 kr
Meldingsløftet fase 1	730 000 kr
e-Handel i Nordfjordkommunane	470 000 kr
Felles GIS i Nordfjord	400 000 kr
Folkehelse og førebyggjande helsearbeid i Sogn (FFHIS)	100 000 kr
Frisklivssentral og betre folkehelse	125 000 kr
Betre digital dialog i ein multikulturell kommune	400 000 kr

Folkehelsearbeid og friluftsliv

Eit stort nettverk av samarbeidspartar på ulike nivå er viktige bidragsytarar til folkehelsearbeidet både lokalt og på fylkesnivå. Folkehelseprogrammet støttar opp om helsearbeidet i kommunane og i dei frivillige organisasjonane. Programmet nytta totalt 2,095 mill. kr i 2012.

Fylkeskommunen var i 2012 (som i 2011) med på å dele ut til saman 1,2 mill. kr i støtte til merking og gradering av turløyper i Sogn og Fjordane. Fylkeskommunen bidrog med om lag 340 000 kr. Resten av midlane kom frå Gjensidigestiftinga.

Program folkehelse og livsutfalding

Folkehelselova av 2010 og Ny folkehelselov av 2012 har hatt innverknad på programmet dei siste åra. I tillegg har programstyret teke opp nasjonal politikk, overordna føringar og strategiar til diskusjon. Partnerskap for folkehelse, oppfølginga av kommunane og kompetanseheving, som tidlegare var lagt til programmet, er vorte lovpålagde oppgåve for fylkeskommunen.

Deltaking

Representantar frå Fylkesmannen, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Helse Førde og fylkeskommunen har delteke i programmet i 2012.

Aktivitet

Programmet nytta totalt 2,095 mill. kr frå fylkeskommunen:

Fysisk aktivitet, lågterskel,	130 000 kr
Danseverkstad	204 400 kr
Trygge lokalsamfunn	490 600 kr
Frisklivssentralar	470 000 kr
Fiskesprell/ernæring	380 000 kr
FoU	270 000 kr
Høgskulen, tverrsektoriell master,	50 000 kr
Anna	100 000 kr

Tabell 2: I tusen kroner

Resultat

Tiltaka som er gjennomførte, er målretta og svarer på nasjonale og regionale utfordringar. Kompetanseheving er ein viktig del innanfor fleire av områda.

Det er etablert eit stort nettverk av samarbeidspartar på ulike nivå som er viktige bidragsytarar til arbeidet både lokalt og på fylkesnivå.

Vasskraft- og vindkraftsaker

Fylkeskommunen er uttalepart i vasskraftsaker, kraftlinjesaker og vindkraftsaker. Vi gav uttale til ti søknader om konsesjon for vindkraftanlegg og elleve konsesjonssøknader om vasskraftutbygging i 2012.

Vassforvaltning

Vi arbeider med å utarbeide ein forvaltningsplan for vassressursane i fylket. I samband med dette arrangerte vi i 2012 ein scenariokonferanse om dei viktigaste trendane og utfordringane for vassmiljøet. Om lag 60 personar deltok på konferansen.

Det er etablert eit eige områdeutval for kvart av dei fire vassområda i fylket. Fylkeskommunen fekk i 2012 overført 600 000 kr frå Direktoratet for naturforvaltning til planarbeidet. 175 000 kr var øyremerkte vassområda. Vassområda bidrog med datagrunnlag til å vurdere miljøtilstanden i vassområda.

Dokumentet Vesentlege vassforvaltningsspørsmål - vassregion Sogn og Fjordane vart lagt ut på høyring 2. juli 2013. Høyringsfristen var 31. desember 2012. Dokumentet er ei midtvegshøyring i arbeidet med forvaltningsplanen for vatn. Dokumentet peiker på viktige utfordringar i regionen. Vassområdeutvala utarbeidde eigne dokument om vesentlege vassforvaltningsspørsmål for vassområda sine.

Vilt og fiske

Fylkeskommunen handsama 20 søknader om tilskot til vilttiltak for til saman 940 000 kr i 2012. Ramma for tildeling var på 400 000 kr, og ti søkjarar fekk midlar. Norges Jeger- og Fiskerforbund Sogn og Fjordane fekk tilskot til flest prosjekt med 199 000 kr i tilskot fordelt på fem prosjekt.

Fylkesatlas og geografisk informasjonssystem

Føremålet med Fylkesatlas er å gje samla tilgang til ulike tema/geografiske data i Sogn og Fjordane. Målgruppene er sakshandsamarar hjå Fylkesmannen, fylkeskommunen, kommunane og private.

Fylkesatlas fekk nye funksjonar i 2012. No kan du mellom anna lage høgdeprofil for eigendefinerte strekningar. Fylkesatlas er optimalisert for bruk på nettbrett, og tilgangen til søkefunksjonar vorte betre. Det er òg kome teiknforklaringar til alle temalag.

GRÜNDERPRISEN FOR UNGDOM

Håvard Halvorsen, Jørn S. Nilson, Jørgen Borgesen og Halvor Gregusson fekk gründerprisen for ungdom for innsatsen med å utvikle selskapa Yast, nLink og Rocketfarm.

FYLKESPRISEN FOR IDÉRIKE BYGDER

Nordsida utviklingslag i Stryn fekk fylkesprisen for idérike bygder. Dei starta opp alt i 1988 og er pionerar i bygdeutviklingsarbeidet i Sogn og Fjordane. Utviklingslaget er sett saman av dei fire bygdene Randabygda, Hopland, Blakset og Fjelli. Dei arbeider for å leggje til rette for næring og trivsel på Nordsida.

Ved utgangen av 2012 har fylkeskommunen 17 maskiner med programvare for geografisk informasjonssystem (GIS).

Fylkeskommunen investerte i 2012 i tilleggsproduktet Network Analyst, for bruk i plan- og strategiarbeid. Det kan blant anna analysere køyretider og -lengder, til dømes kva som er optimal plassering av verksemder tilpassa køyretid.

Fylkesspegel Sogn og Fjordane

Fylkesspegelen er ein felles nettstad for kontinuerleg statistikk og kunnskap om utviklinga i fylket. Det er eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkesmannen, Høgskulen i Sogn og Fjordane og NAV Sogn og Fjordane. Samarbeidet vart oppretta i 2011. Fylkesspegelen skal konsentrere seg om regionale problemstillingar og leggje til rette for analysar av bu- og levekår og utfordringar i kommunane. Mykje av statistikken er på kommunenivå.

Internasjonalt arbeid

Fylkeskommunen deltok på fleire internasjonale arenaer i 2012:

- Nordsjøkommisjonen (NSC) hadde generalforsamling i Bremerhaven, Tyskland 18.-20.juni. Her vart fylkesordføraren i Hordaland valt inn som vice-president.
- Conference of Peripheral Maritime Regions of Europe (CPMR) hadde generalforsamlinga si i Bialystok, Polen 3.-5.oktober.
- Fylkesutvalet har valt to politiske representantar til å delta i dei tematiske gruppene Marine Resources og Innovation and Education i NSC.
- Styremøtet til Vest-Noregs Brusselkontor har vedteke å etablere eit ressursforum for medlemmane. Dette skal vere ein arena for idé- og erfaringsutveksling, koordinering av internasjonalt arbeid mellom

medlemmene og Vest-Noregs Brusselkontor, samt ein nyttig og god nettverksarena. Det fyrste ressursforumet var i Brussel 13.-15. november.

- Dei politiske representantane fylkeskommunen har i Vestlandsrådet var med på Open Days i Brussel i oktober.

Klima og miljø

Sogn og Fjordane fylkeskommune arbeidde i 2012 med oppfølginga av Fylkesdelplan for klima og miljø. Det er arbeid spesielt med desse tema og prosjekta:

- klimasårbarheit/-tilpassing
- klimaindikatorprosjekt (for å få betre kunnskap om korleis regionale styresmakter kan bidra til å redusere utslepp av klimagassar knytt til både produksjon og forbruk)
- miljøsertifisering (av den fylkeskommunale verksemda og tilskotsordning for bedrifter)
- berekraftige lokalsamfunn
- ENØK-fond (tilskotsordning for enøk-prosjekt)
- hurtigladepunkt for elbilar

Det vart avsett 1,5 mill. kr til klima og miljø i 2012, i tillegg til 1,2 mill. kr frå tidlegare budsjett. Det vart også løyvd 500 000 kr til Lokal Agenda 21-tiltak i 2012.

Fylkestinget handsama

- Sak 6/12 Filmsatsing i Sogn og Fjordane 2012-2014
- Sak 7/12 Breibandstrategi for Sogn og Fjordane 2020
- Sak 22/12 Ev. bruk av fylkeskommunal forkjøpsrett ved konsejonspliktig fallererv
- Sak 30/12 Arbeidet med Stortingsmelding for Innovasjon Norge og SIVA
- Sak 37/12 Regionalt forskingsfond Vestlandet - årsmelding 2011
- Sak 48/12 Regional planstrategi for Sogn og Fjordane 2012-2016
- Sak 53/12 Regional planstrategi for Sogn og Fjordane 2012-2016, geografisk avgrensa regionale planar
- Sak 61/12 Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging, endeleg vedtak



Agjeldtunnelen på fv. 60 Olden-Innvik. Foto: Ole Kristian Åset/Statens vegvesen

Samferdsle

Fylkeskommunen har ansvaret for

- kollektivtrafikktilbudet inkludert skuleskysst
- løyvetildeling
- drift og vedlikehald av 2 594 km fylkesveg
- investeringar på fylkesvegnettet

Samferdsle hadde i 2012 eit samla driftsbudsjett på 1 065,8 mill. kr.

Fordeling av midlar i samferdslesektoren	
Bussruter	221,5
Båtruter	121,1
Andre kollektivtiltak	26,3
Drift og vedlikehald av fylkesvegar	341,8
Skadefond fylkesvegnettet	50,1
Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU)	7,7
Ferjedrift	120,4
Driftsmidlar til investering	177,4
Til disposisjon for hovudutvalet	1,0
Totalt	1 067,9

Tabell 14: I millionar kroner.

FYLKESVEG

Sams vegadministrasjon


Statens vegvesen har det operative ansvaret for oppfølging av fylkesvegnettet på vegner av fylkeskommunen. Statens vegvesen vert styrt gjennom den årlege leveranseavtalen. Ein forvaltningsrevisjon gjennomført i 2012 viser at samarbeidet mellom fylkeskommunen og Statens vegvesen fungerer godt

Ressursbruk

Fylkeskommunen nytta i 2012 374,3 mill. kr brutto til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Dette er ein auke på 52,2 mill. kr frå året før.

Den store auken frå 2011 skuldast mellom anna opprydding etter skadane frå uvêret i desember 2011. Statens vegvesen har berekna dei samla skadane til om lag 108 mill. kr. Fylkeskommunen fekk 69,8 mill. kr i skjønnsmidlar frå staten i samband med skadane på fylkeskommunal infrastruktur. 26 mill. kr av desse midlane vart løyvde til drift og vedlikehald i 2012. Resten av midlane vart tilført skadefondet for fylkesvegnettet og overført til 2013 for å dekkje kostnadane med oppbygging av fv. 664 til Otterdal. Det var her vi fekk den største skaden. Fylkestinget har vedteke at vegen skal byggjast opp til same standard som før og skal ikkje rassikrast.

Fordeling av midlar i samferdslesektoren



Driftsutgifter til fylkesvegforemål	Rekneskap 2010	Rekneskap 2011	Rekneskap 2012	Budsjett 2012
Drift og vedlikehold (netto)	225,6	284,1	343,8	341,8
Skadefond for fylkesvegnettet	0,0	13,9	50,2	50,2
FTU-arbeid og tiltak	3,8	5,4	6,4	7,7
Fylkesvegferjer	121,0	114,7	119,4	120,4
Tilskott og prosjekt	0,5	0,5	1,0	1,0
Driftsmidler til investering	101,2	194,4	177,4	177,4
Sum	452,1	613,0	698,2	698,5

Tabell 15: I millionar kroner, netto driftsutgifter

	Rekneskap 2010	Rekneskap 2011	Rekneskap 2012	Budsjett 2012
Investeringar	543,8	577,4	688,5	712,9

Tabell 16: I millionar kroner.

Det vart samla brukt 688,5 mill. kr til investeringar i 2012. Dette er ein auke på 111,1 mill. kr frå 2011. Det er hovudsakleg dei store prosjekta Bremangersambandet, Dalsfjordsambandet og Olden-Innvik som krev store investeringsmidlar.

Bygginga av Bremangersambandet vert rimelegare enn det som var lagt til grunn då prosjektet starta. Dette har gjeve fylkeskommunen eit økonomisk handlingsrom til å kunne handtere fleire skader på fylkesvegnettet og gjennomføre eit høgare aktivitetsnivå på investeringar samla sett.

Drift og vedlikehold

Det var i budsjettet for 2012 sett av 341,8 mill. kr netto til drift og vedlikehold av fylkesvegnettet. Rekneskapen syner eit netto meirforbruk på 2 mill. kr.

Årsaka til meirforbruket er knytt til følgjande område:

- meirforbruk på drift og vedlikehold på 1,1 mill. kr
- meirforbruk på 0,25 mill. kr i samband med båttransport m.m. som følgje av stengd veg til Otterdal i Hornindal kommune
- kostnader knytte til forlikssak om vintervedlikehold vinteren 2010/2011

Fylkeskommunen brukte om lag 7,2 mill. kr meir på vedlikeholdstiltak enn planlagt i 2012. Dette skuldast i hovudsak fjellreinsk, sikringsarbeid og tunneltiltak. Mindreforbruket på drift var hovudsakleg knytt til innsparing på vinterdrifta.

Det vart lagt 123 km nytt dekke og sett opp 25 km rekkverk

på fylkesvegnettet i 2012. Tala for 2011 var 175 km nytt dekke og 12 km rekkverk. Dei generelle prisane på drift og vedlikehold synte nasjonalt ein auke på 3,2 prosent frå 2011 til 2012. Til samanlikning var prisstigninga frå 2010 til 2011 på 6,6 prosent.

Fylkestrafikktryggingutvalet og trafikktryggingstiltak

Fylkestrafikktryggingutvalet (FTU) hadde 7,7 mill. kr til disposisjon i 2012. Det vart brukt 6,4 mill. kr av disponibel ramme:

- 1 mill. kr til refleksprosjektet. Mindreforbruk på 0,5 mill. kr
- 4,6 mill. kr til trafikktryggingstiltak (aksjon skuleveg). Mindreforbruk på 0,4 mill. kr
- 0,8 mill. kr til ulike aktivitetar knytt til trafikktrygging. Mindreforbruk på 0,4 mill. kr

Fylkesvegferjer

Alle sju sambanda oppfyller krava til opningstid og frekvens i Nasjonal transportplan 2006-2015. Fylkeskommunen hadde eit mindreforbruk på om lag 1 mill. kr på ferjedrifta i 2012. Mindreforbruket har samband med at enkelte utbetalingar først kjem i 2013.

Veginvesteringar og rassikring

Samla ramme til investeringar var 712,9 mill. kr i 2012. Fylkeskommunen hadde eit mindreforbruk på dei store prosjekta på 30,7 mill. kr. Investeringane på gang- og sykkelveg synte eit meirforbruk på 9,4 mill. kr. Samla mindreforbruk på veginvesteringar var 24,4 mill. kr. Mindreforbruket på dei store prosjekta skuldast i hovudsak lågare utbetalingar enn venta. Dette er knytt til forseinkingar

på prosjektet fv. 609 Dalsfjordsambandet i 2012. Meirforbruket på gang- og sykkelvegprosjekta på fv. 611 Naustdal kai-Sæle og fv. 545 Kinnvegen i Flora kommune skuldast høgare utbetalingar i 2012 enn venta.

Fylkeskommunen nytta 45,9 mill. kr til rassikringstiltak i 2012, om lag 1,7 mill. kr meir enn budsjettert. Hovuddelen av rassikringsmidlane - 26,3 mill. kr - er knytte til fv. 57 Dalsfjordsambandet. Det vart nytta om lag 9 mill. kr til fv. 337 Buskredene i Luster kommune.

Store prosjekt

Dalsfjordsambandet

Alle store kontraktar er no inngått på Dalsfjordsambandet. Det vert bygd 5,9 km veg i dagen, bru med fritt spenn på 523 meter og 4,2 km med tunnel. Med tunnelen på Dalssida oppnår ein også rassikring av Nishammaren. Prosjektet fører til at ferjesambandet Dale-Eikenes vert lagt ned.

Det var gjennomslag i Ottersteintunnelen 24. januar 2012. Tunnelen er forlenga med 300 meter på grunn av geologiske forhold. Det er på strekninga Eikenes-Steiehalsen utført store og omfattande sikringsarbeid i fjellskjeringane. Prosjektet har òg fått fleire problem med natursteinsmurar bygd i 70-åra. Desse er for dårleg utførte og må byggjast opp på nytt.

Entreprenøren NCC har teke ut stemning mot Sogn og Fjordane fylkeskommune på kontrakten som gjeld veg og tunnel. Det vert hovudforhandlingar i mai 2013. Dalsfjordsambandet skal etter planen stå ferdig i desember 2013.

Bremangersambandet

Bremangersambandet omfattar bygging og utbetring av totalt 11,9 km veg mellom Kolset og Sjørdalsvatnet. Av dette er 4,8 km ny tunnel, 0,2 km utviding av eksisterande tunnel og 6,9 km veg. I prosjektet ligg òg bygging av 2 km gang- og sykkelveg mellom Kolset og Leirgulen. Prosjektet medfører nedlegging av ferjesambandet Smørhamn-Kjelkenes. Prosjektet er i sluttfasen, og veganlegget skal opnast 16. mai 2013.

Olden - Innvik

Prosjektet omfattar utbetring av delstrekningar mellom Olden og Innvik i Stryn kommune.

Fylkestinget har løyvd midlar til bygging av Agjeldtunnelen på 900 meter og 1,1 km veg i dagen. Entreprenøren hadde ved årsskifte 2012-2013 drive 855 av 900 meter av Agjeldtunnelen. Det var gjennomslag i tunnelen i veke 4 i 2013. Det er utført sikringsarbeid over fjellskjeringar på veg i dagen. Fylling i sjø og sprenging for veg i dagen er under arbeid.

Frist for ferdigstilling av kontrakten er 1. september 2014.

KOLLEKTIVTRAFIKK

Rammevilkår/økonomi

Budsjettet til kollektivtransport var i 2012 på 369 mill. kr, rekneskapen er på 358 mill. kr. Innan kollektivtrafikken går vel 218,7 mill. kr til bussruter og 112,4 mill. kr til båtruter. Skuleskyssen er medrekna.

Hovudårsaka til mindreforbruket på 11,4 mill. kr er høgare inntekter enn venta, samt at prisvekstkomponenten i båtkontraktane kom betre ut enn budsjettert. I tillegg har vi ei innsparing på buss knytt til skuleskyss og kompetansemodular for bussjåførar.

Kilometerkostnaden for kjøpet av tenester frå rutebilselskapa var 24,70 kr per km i 2012, 3,5 prosent høgare enn i 2011.

Båtruter

Det er gjort mindre endringar i rutetilbodet i 2012. Fylkestinget har vedteke minstetilbod frå 1. mai 2012. Anboda på ekspressbåt og lokale båtruter som vart gjennomførte i 2010 og 2011, hadde alle hadde oppstart 1. mai 2012. Norled har ansvaret for ekspressbåtrutene mellom Bergen og Sogn og Fjordane, Fjord1 har lokalrutene, og Kyst1 har godsruta mellom Bergen og kysten opp til Askvoll.

Kollektivtransport	Rekneskap 2010	Rekneskap 2011	Rekneskap 2012	Budsjett 2012
Busstransport	186,3	204,1	218,7	221,5
Ungdomstilbod	11,1	10,9	9,4	10,2
TT- transport	5,6	5,6	5,6	5,6
Serviceskyss	1,3	2,2	3	2,2
Båttransport	87,3	104,2	112,4	121,1
Div. (terminalar, rutehefte osv.)	13,9	7,5	8,5	8,4
Sum kollektiv	305,3	334,5	357,5	369

Tabell 17: I millionar 2012-kroner, netto driftsutgifter

Bussruter

Bussruter i det fylkeskommunale tenestekjøpet hadde 1,7 mill. passasjerar i 2012 (ikkje inkludert skuleskyss). Dette er ein auke på 4,9 prosent frå 2011. Grunnen til den store auken er at ruteselskapa no har betre registrering av kortbrukarar.

Bussanbod

Rutetilbodet i Nordfjord-kommunane Selje, Vågsøy, Eid, Hornindal og Stryn vart sendt ut på anbod 22. november 2012. Dette er det første bussanbodet i Sogn og Fjordane. Det er i samband med anbudsarbeidet inngått langsiktige leigeavtalar om rutebilterminalane i Stryn og på Nordfjordeid. Desse sikrar bruksrett på terminalane på nivå med i dag.




Diagram 6: Tal passasjerer

Fylkeskommunen har i 2012 også registrert alle haldeplassane i Sunnfjord-regionen. Dette er del av grunnlaget for den vidare ruteplanlegginga. Samferdsleavdelinga har i 2012 bygt opp organisasjon og kompetanse som er nødvendig for å vere rusta for dei utfordringane som kjem som følge av anbudsutsetting.

Ungdomskort

Bruken av ungdomskort auka med 3,4 prosent i forhold til året før. Ungdomskortet kosta 350 kr i 2012. «Trygt heim for ein 50-lapp» hadde 6 598 passasjerar i 2012, ein nedgang på 17,2 prosent mot året før. I tillegg nytta 908 passasjerar sommartilbodet «Trygt heim», eit prosjekt innanfor ordninga Kollektivtransport i distrikta(KID).




Diagram 7: Brukarar av ungdomstiltak.

Drosje

31 prosent av drosjane i Sogn og Fjordane var i 2012 tilrettelagde for rullestol. Det var 51 tilrettelagde drosjer for rullestolbrukarar i 2012, åtte fleire enn året før. Det vart løyvd totalt 5,5 mill. kroner til tilrettelagt transport i 2012.

Serviceskyss

Fylkeskommunen brukte 2,8 mill. kr til serviceskyss i 2012. Det var serviceskyss i kommunane Leikanger, Balestrand, Fjaler, Gaular, Askvoll, Hyllestad, Naustdal, Gulen, Luster, Vågsøy, Flora, Solund, Sogndal og Gloppen.

Universell utforming

Vi arrangerte i 2012 ein konferanse for å setje søkjelyset på vanskaner ved kjøp av universelt utforma bil. Det er svært få personbilar å få kjøpt som stettar kravet i forskrifta. Dette har resultert i ei samarbeidsgruppe med representantar frå samferdsleavdelinga i fylkeskommunen, Statens vegvesen og Norges Taxiforbund avd. Sogn og Fjordane. Arbeidsgruppa skal kartleggje kva bilar som vert godkjende som universelt utforma drosjer.

Fylkestingsaker for samferdsle

- Fråsegn om konseptvalutgreiing E39 Skei-Ålesund. Fylkestinget held fast på at E39 skal følgje midtre korridor med ferjefri kryssing Anda-Lote.
- Fylkestinget vedtok bygging av gang- og sykkelveg ved fv. 545 Kinnvegen i Flora kommune.
- Fylkestinget vedtok bygging av kort tunnel på rassikringsprosjektet fv. 152 Algøya i Balestrand kommune.
- Fylkestinget valde løysing for oppbygging av fv. 664 Otterdalsstranda i Hornindal kommune etter uvêret Dagmar i romjula 2011. Vegen vert bygd opp til same standard som før utvasking. Vegen vert ikkje rassikra, men sikra mot ny utvasking i framtida.
- Fylkestinget valde løysing for rassikring av fv. 337 i Luster kommunene. Bjødnabakktunnelen skal byggast som lang tunnel etter utarbeidd reguleringsplan. Ein kan godta redusert krav til standard etter nærare vurdering og vedtak i dei rette instansar.
- Fylkestinget gav fråsegn til Nasjonal transportplan (NTP) 2014-2023 ved å slutte seg til hovudinnretninga i framlegget. Fylkestinget legg sterk vekt på auka løyvingar til drift og vedlikehald av transportinfrastrukturen, men peika også på at den plantekniske ramma som er lagt til grunn for arbeidet med NTP 2014-23 er altfor låg.
- Fylkestinget gav fråsegn til riksvegbudsjett 2013 med krav om oppfølging av det store vedlikehaldsetterslepet og dei mange uløyste oppgåvene på riksvegane i Sogn og Fjordane.
- Fylkestinget gav ekstraløyving til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet for å utbetre skadane etter uvêret Dagmar i julehelga 2011.



85,1 prosent av 5-åringane i Sogn og Fjordane har ikkje hol i mjølketennene, noko som er det beste resultatet nokon gong.
Foto: Birthe Johanne Finstad/Sogn og Fjordane fylkeskommune

Den offentlege tannhelsetenesta

Tenester	Rekneskap 2010	Rekneskap 2011	Rekneskap 2012	Budsjett 2012
Direktør og spesialisttannhelsetenesta *	5,6	3,5	10,5	10,7
Distriktstannhelsetenesta	61,5	69,0	64,8	64,7
Sum	67,1	72,5	75,3	75,4

Tabell 18: I millionar 2012-kroner, netto driftsutgifter

*I tala for direktør/spesialisttannhelsetenesta ligg innbakt resultatoverføringar (disposisjonsfondet); eit underskot på 0,2 mill. kr i 2010, eit overskot på 0,9 mill.kr i 2011 og eit overskot på 5,2 mill.kr i 2012

Tannhelsetenesta har ansvar for desse gruppene:

- barn og unge opp til 18 år
- psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon
- grupper av eldre, langtidssjuka og uføre i institusjon og heimesjukepleie
- ungdom 19-20 år

Totalt var 27 791 personar i dei prioriterte gruppene under tilsyn i 2012. Dette er 93,6 prosent av det samla talet for gruppene. Tilsvarende tal for 2011 var 89,1 prosent. Resultata ligg over måltala i målekartet, som er 86 prosent for dette klientellet.

Tannhelsetenesta registrerer kvart år tannhelsesdata for 5-, 12- og 18-åringar i Sogn og Fjordane. Resultata for 2012 syner nok ein gong at born og unge (0-18 år) i fylket er i landstoppen når det gjeld god tannhelse:

- 85,1 prosent av 5-åringane har ikkje hol i mjølketennene. Dette er ein auke frå 81,4 prosent i 2011 og er det beste resultatet nokon gong i Sogn og Fjordane.
- 12-åringane har i snitt 0,9 tenner med hol i - det same som i 2011.
- 18-åringane har ei forverring frå i snitt 4 tenner med hol i 2011 til 4,2 i 2012.

Takstane for behandling av betalande pasientar i den offentlege tannhelsetenesta auka med ti prosent frå 1. januar 2011.

Rekneskapet for 2012 er gjort opp med bruk av disposisjonsfond på 5,292 mill. kr. Overskotet skuldast ledige stillingar, betre rutinar for oppfølging av sjukmelde og høgare salsinntekter enn venta ut frå lågare bemanning i 2012 enn 2011. Salsinntekter var på 24,591 mill. kr.

Effektiviseringstiltak

Den offentlege tannhelsetenesta utførde til saman 98,4 årsverk i 2012. Av desse var 33,7 tannlegeårsverk og 13,4 tannpleiarårsverk. Det er utført færre tannlegeårsverk og tannpleiarårsverk enn i 2011. Per 31. desember 2012 var sju tannlegestillingar ledige, fem permanente og to midlertidige.

Svært mange prioriterte pasientar møter ikkje til tannbehandling. Dette gjaldt 2612 timar i 2012, mot 3291 i 2011. Reduksjonen bidreg til betre effektivitet i tannhelsetenesta.

Den offentlege tannhelsetenesta hadde om lag 36 000 pasientar under tilsyn i 2012. Dette er om lag 33,6 prosent av befolkninga i fylket og er noko lågare enn i 2011.

Likestilling, likeverd og mangfald

Tannhelsetenesta har i 2012 utført alle punkt i plan for likestilling, likeverd og mangfald.

Vi har konsentrert oss om å førebyggje utvikling av svak tannhelse i risikogruppe og har utvikla eit sett med kriterium for å identifisere risikopasientar. Det ser ut til at svak tannhelse har samanheng med sosial status. Tannhelsetenesta vil difor forsøke å bidra til sosial utjamning når det gjeld tannhelse.

Tannhelsetenesta kan også gjennom folkehelsearbeid bidra som utviklingsaktør. Vi bidreg i det generelle folkehelsearbeidet i mange ulike fora i Sogn og Fjordane

Spesielle saker i fylkestinget og fylkesutvalet

Tannhelsetenesta har i 2012 ikkje hatt større saker til fylkestinget eller fylkesutvalet. 2012 har vore året med oppfølging av tidlegare vedtak. Tannhelsetenesta er no omorganisert med sentral leiing og meir sjølvstendige tannklinikkar.



Utsikt vest mot Dalsfjorden frå Kleppe i Bygstad. Foto: Jomar Bergheim

Forvaltningsrevisjon og internkontroll

Forvaltningsrevisjon - status

Forvaltningsrevisjonsrapportane til kontrollutvalet vert handsama av fylkestinget. Fylkesrådmannen rapporterer på status ved utgangen av 2012 for gjennomføring av

fylkestinget sine vedtak på prosjekt der det er restansar. Prosjekt som ennå ikkje er sendt fylkestinget, er ikkje omfatta av dette oversynet.

Prosjekt	Vedtak	Gjennomført 2012	Restanse
Bygge- og eigedomstenesta	FT-sak 23/08		Ny organisering av bygge- og eigedoms-tenesta vert sett på arbeidsplanen i 2014
Kompetanseprofil	FT-sak 18/10	Oppgradering av KOS kompetanse-styringsverktøy - til webløysing for leiarar og tilsette. Opplæring av leiarar i bruken av nye KOS. Gjennomføring av dei siste (i denne omgang) leiarkursa i utviklingssamtalen og rekrutterings- og intervjuetknikk.	Utvikle og implementere eit kompetanse-budsjett for FK samla i FK sitt årsbudsjett. Utvikle eit kompetanserekneskap for FK samla (blant anna må vi definere og etablere artar for føring av kostnader knytt til vedlikehald/utvikling/heving av kompetanse). Ta i bruk kompetanserekneskap for FK samla.
Vedtaksoppfølging	FT-sak 19/10	Rapportering som eiga sak til fylkestinget under sak 15/12 «Godkjenning av rekneskap og årsrapport for 2011».	Frå 2013 vil avviksorientering skje som del av årsrapporten til fylkestinget og hovudutvala.
Internkontroll	FT-sak 1/10	System for internkontroll er på plass.	Ny orientering til kontrollutvalet avtalt våren 2013.
Byggeprosjekt	FT-sak 2/11	Nytt rekneskapssystem tek omsyn til prosjektorganisasjonen sitt behov prosjektrekneskap som grunnlag for økonomisk styring av prosjekta. Definert klårare kva som ligg i omgrepa "store prosjekt" og "vesentlege avvik" innanfor vegprosjekt. Utarbeidde retningslinjer for presentasjon og hand-saming av prosjektrekneskapane for vegprosjekt.	Dei fleste tiltaka vert gjennomførte i oppdaterte plan- og byggesaksrutinar som er planlagt lagt fram hausten 2013.
Næringsretta tiltak	FT-sak 44/11		Ny rapport til kontrollutvalet er avtalt primo 2014.
Energi og miljø	FT-sak 2/12		Utarbeide rapporteringsrutinar og fastsette rapporteringsinnhald frå dei ulike avdelingane. Vurderer korleis ein i endå større grad kan nytte nettverka ein samarbeider i for å nå ut til større og mindre private verksemdar. Vurderer korleis ein kan gå fram for å inngå meir forpliktande avtalar knytt til gjennomføring av tiltak, både internt i fylkeskommunen og overfor andre aktørar. Utarbeider ein samla strategi for å rapportere om mål, tiltak og effektar i klimaarbeidet, og vurderer kva rapporteringsfrekvens og -kanalar som vil sikre god informasjon til politisk og administrativt nivå, samt til samfunnet elles.

Internkontroll 2012

I 2012 risikovurderte fylkeskommunen desse tre arbeidsområda:

1. Handtering av personsensitive data
2. Saksutgreiingar
3. Intern samordning mot eksterne aktørar

Dei ti avdelingane og tenesteeiningane vurderte risikoen knytt til ei rekkje arbeidsprosessar og aktivitetar innanfor kvart av arbeidsområda.

Når det gjeld handtering av personsensitive data, vekta dei fleste avdelingane og tenesteeiningane risikoen innanfor dei aktuelle arbeidsprosessane som liten eller moderat.

Innanfor det andre arbeidsområdet, saksutgreiingar, var det ein arbeidsprosess som skilde seg ut i negativ lei:

«Sakshandsamar har ikkje god nok kunnskap om gjeldande lovverk for det temaet saksutgreiing omhandlar». Fem av avdelingane og tenesteeiningane vekta risikoen innanfor denne arbeidsprosessen som moderat.

Det siste arbeidsområdet, intern samordning mot eksterne aktørar, inneheldt to arbeidsprosessar som skilde seg ut i negativ retning: «Utydeleg organisasjonsstruktur» og «Utydeleg rollefordeling»: Fem av avdelingane og tenesteeiningane vekta risikoen innanfor desse prosessane som moderat.

På bakgrunn av resultatane frå risikovurderinga, har leiinga ved kvar avdeling og tenesteeining i oppgåve å utarbeide tiltak og handlingsplanar for å redusere sannsynet for at feil skjer og/eller redusere konsekvensane av feil som likevel måtte skje.



Elevar på naturbruk vg1 ved Måløy vidaregåande skule. Foto: Måløy vidaregåande skule.

Målekart

Kultur	50
Opplæring.....	57
Plan og næring.....	63
Samferdsle.....	74
Den offentlege tannhelsetenesta.....	77

Kultur - målekart

Resultat sett i høve målekart 2012

Strategiske fokusområde er dei utvalde områda som vi skal vie størst merksemd i fylkeskommunen for å sikre måloppnåing. **Kritiske suksessfaktorar** er dei faktorane som vi må få til for å lukkast innan kvart av dei valde fokusområda. Desse kan vi og kalle strategiane som fører fram mot måla.

Måleindikatorane/prosessane er i hovudsak målbare aktivitetar som fortel oss i kor stor grad vi lukkast i å oppnå dei kritiske suksessfaktorane. Desse er knytt opp mot kvar einiskild suksessfaktor.

Strategisk fokusområde: Tenesteproduksjon/ brukarperspektiv (T)

Kritisk suksessfaktor T1: Vidareutvikle dialog og samhandling med kulturaktørane i fylket

Måleindikatorar	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat 2012
T1-1: Utarbeide ein oversikt over kompetansetiltak og møteplassar for kulturlivet i Sogn og fjordane.	T1-1-1: 1. utgåve skal utgis januar 2012. Distribuerast til alle kommunar og regionale samarbeidspartar	T1-1-1: Distribuert etter plan
T1-2: Dialogmøte med kulturinstitusjonane	T1-2-1: Gjennomføre fire møter i 2012	T1-2-1: Gjennomført
T1-3: Dialogmøte med frivillig sektor/ større kulturarrangørar	T1-3-1: Det skal arrangerast minst eitt møte.	T1-3-1: Regional plan for fysisk aktivitet Publikumsutvikling
T1-4: Delta på regionale kulturnettverksmøte	T1-4-1: Delta på minst 2 møter i kvart av dei regionale kulturnettverka	T1-4-1: Gjennomført
T1-5: Oppretthalde og vidareutvikle dialog med kultur og helseinstitusjonar regionalt og nasjonalt	T1-5-1: Konferanse	T1-5-1: Gjennomført konferanse «Kultur - nøkkelen til verdig alderdom», «Den kulturelle spaserstokk» Gjennomført festival: Kulturfestival for utviklingshemma
	T1-5-2: Nettverksarbeid	T1-5-2: Delteke i «Nordisk nettverk for musikk og eldre», Fylkesdekkande nettverk for miljøbehandling i eldreomsorga, nettverk for kvalitativ forskning i Sogn og Fjordane og nettverk for forskning innan psykisk helse
	T1-5-3: Samarbeidsavtaler	T1-5-3: Har samarbeidsavtaler med Gamut - Griegakademiets musikkterapiforsking www.gamut.no , HISF avd. helsefag, utviklingsenter for sjukeheimar og heimetenester i Sogn og Fjordane, NFU - Norsk foreining for utviklingshemma, Sogn og Fjordane Røde kors - ferie for alle www.musikkogeldre.no

Kritisk suksessfaktor T2: Levere gode tenester innan kulturformidling

Måleindikatorar	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat 2012
T2-1: Gode brukarvennlege nettbaserte/ digitale tenester. - Kulturnett Sfj - Kultur på Sfj.no - Den kulturelle skulesekken - Fylkesarkivet sine heimesider og databasar - Fylkesbiblioteket sine heimesider	T2-1-1: Oppgradere sfj.ksys.no til fylkeskommunen sin grafiske profil T2-1-2: Følgje standard for brukarvennlege nettstader T2-1-3: Kulturnett Sfj; 50 000 sidevisningar og 6000 unike besøkande T2-1-4: Kultur på sfj.no; 6500 sidevisningar og 4300 unike brukarar T2-1-5: Auke treff på kulturnett ved hjelp av betre synleggjering på eiga heimeside	T2-1-1: Endringane er gjennomførte og arbeidet er gjort i samråd med informasjonsavdelinga. T2-1-2: kontinuerleg arbeid T2-1-3: Kulturnett SFJ-tal for 2012: 118 953 sidevisningar og 30 085 unike besøkande (Google Analytics) T2-1-4 Det kan sjå ut som færre klikkar seg inn på Kulturnett frå sfj i 2012. Samanliknbare tal i Google Analytics gjeld frå 20. juni 2011. T2-1-5: Fylkesarkivet sine vevsider og webtenester har hatt ein jamn auke i tal sidevisningar og besøk i 2012. Driftsbrot på fylkesarkivet sine databasetenester har skapt problem og misnøye hjå brukarar og samarbeidspartnarar. Det har også vorte oppretta ei nettside i samband med Fylkesjubileet - www.sfj250.no. Fylkesbiblioteket har hatt 10 094 besøk Sidevisning: 34 671 sider
T2-2: Kultursektoren skal vere synleg gjennom sosiale medier: - Facebook - Flickr - Twitter - Blogg	T2-2-1: Opprette og vedlikehalde Facebook-side for - Den Kulturelle Skulesekken - Fylkesbiblioteket - ABM - Ungdomspolitisk utval - 300 skal like Facebook sidene T2-2-2: Det skal publiserast 2 blogginnlegg i månaden T2-2-3: Det skal publiserast 2 innlegg på Facebook og Twitter i veka	T2-2-1: Det er oppretta Facebook-side for DKS, 160 likar sida. Kulturnett Sogn og Fjordane gjekk opp frå 185 tilhengjarar 1. januar 2012 til 340 ved utgangen av året. Det er oppretta opa Facebook-side for Ungdomspolitisk utval. Den lukka arbeidssida for upu på Facebook er mykje brukt. Desse sidene på Facebook vert også haldne ved like: Fylkesarkivet (216 likar), Fylkesbiblioteket (161 likar), Ungdomspolitisk utval (UPU) (227 likar), Lokale kulturminneplanar (111 likar), UKM Sogn og Fjordane (52 likar), Sogn og Fjordane 250 år (296 likar). T2-2-2: Det vart publisert totalt 28 blogginnlegg på Kulturbloggen i 2012. T2-2-3: Det vert i snitt produsert eit utlegg på DKS si facebookside pr. veke. Aktiviteten fylgjer aktiviteten i DKS. DKS

har vurdert å mellombels ikkje bruke twitter. Kulturnett SFJ si Facebookside vart oppdatert relativt sjeldan fram til mai/juni. Etter det har sida vorte oppdatert minst to gonger i veka. Twitter vert også oppdatert jamleg, men sjeldnare enn Facebook.

Fylkesarkivet har ei innhaldsrik Flickr-side med over 500 bilete. Fylkesbiblioteket har 55 bilete på Flickr.

Facebooksida bokbåten (felles med M&R og Hordaland): 514 følgjarar
Twitter: 203 følgjarar ca. 90 tweets.

T2-3: God oppslutning om tilboda i Den kulturelle skulesekken.

T2-3-1: Alle grunnskuleelvane får fire profesjonelle tilbod i skuleåret

T2-3-1: Dei siste tre åra har det grunna økonomisk tilpassing vore ein reduksjon for utvalde årstrinn. Frå og med 2013-2014 reknar ein med å kunne tilby alle skulane i fylket fire tilbod pr. skuleår.

T2-3-2: Alle vg2- og vg3-elevar får eitt tilbod i året

T2-3-2: Alle elevane på vg2 og vg3 fekk eitt tilbod for skuleåret 2011-2012.

T2-3-3: Alle førsteårs lærlingar får eitt tilbod i året.

T2-3-3: Alle førsteårslærlingar fekk eitt DKS-tilbod i 2012.

T2-4: Bidra til utvikling av samarbeidet mellom alle offentlege bibliotek.

T2-4-1: Etablere transportordning mellom biblioteka, 1. kvartal

T2-4-1: Transportordning starta opp juni 2012.

T2-4-2: Starte opp fylkesdekkande prosjektet "Saman om framtida", prosjekt om biblioteksamarbeid

T2-4-2: Oppstartskonferanse mai, 20 av 26 bibliotek besøkt og intervju om mogelegheiter og utfordringar.

T2-5: Vidareutvikle fellessøket i biblioteka sine mediebasar.

T2-5-1: Alle folkebiblioteka er med på fellessøk

24 av 26 er med

T2-6: Kunnskapsbygging gjennom ulike formidlingskanalar

T2-6-1: Kulturhistoriske Leksikon

T2-6-1: Mykje brukt

T2-6-2: Fylkesatlas

T2-6-2: Mykje brukt

T2-6-3: Geoatlas. 30 nye artiklar. 1690 artiklar totalt.

T2-6-3: Det er totalt 1672 artiklar på Geoatlas. 10 av desse vart publisert i 2012.

T2-6-4: Digitalt Fortalt. 30 artiklar. 280 totalt.

T2-6-4: Det er totalt 296 artiklar frå Sogn og Fjordane på Digitalt Fortalt. 40 av desse er lasta opp i 2012. Dei fleste av desse er ein del av Rallarvegensatsinga.

	T2-6-5: "Kjelda" kjem ut med fire nummer	T2-6-5: Kjelda-utgjevingar som planlagd. Kjelda kjem med 3 nr. pr år. Har vore slik sidan 2008.
	T2-6-6: Etablere nettstad med forfattarbase og anna artikkelproduksjon	T2-6-6 Søkt Nasjonalbiblioteket om utsetjing til 2013. Innvilga.
	T2-6-7: Kultur og eldre - prosjekt: artikkel i 2012 og førelesningar	T2-6-7: Artikkel i «Geriatrisk sykepleie» 1/12 «Helsefremjande aktivitet i stødig ramme» av Aud Berit Fossøy, Hisf. Forelesing Høgskulen i Sogn og Fjordane. Forelesing Nasjonalforeninga for folkehelse i Vågsøy og Sogndal, Stryn kommune og Fosterheimstenesta i Sogn og Fjordane
	T2-6-8: MOSAIK - fagartikkel og metodikkbok på arbeid med flyktningar og innvandrarborn	T2-6-8: Samarbeid med NAFO - Nasjonalt senter for opplæring av flyktningar. DVD -Produksjon - 19. juni med 150 born Førde Barneskule Metodikkbok, abstracts, artiklar er under arbeid
T2-7: Samlingsforvaltning / deпоthandsaming - Større merksemd og innsats på samlingsforvaltning ved Fylkesarkivet	T2-7-1: Prioritere arbeid i depot og arkiv	Gjennomført
	T2-7-2: Styrking av kompetanse innan depot og samlingsforvaltning	Kontinuerleg arbeid.
T2-8: Vidareutvikle og integrere kulturtilbod for alle	T2-8-1: Kulturfestival for utviklingshemma	T2-8-1: Gjennomført kulturfestival april 2012 - Sunnfjord hotel, Førde
	T2-8-2: MOSAIK - helsefremjande kulturtilbod for innvandrar	T2-8-2: MOSAIK 2012 - Jølster mottak, Solbakken mottak, Bergum mottak Samarbeid Førde kulturskule og Førde barneskule med midlar frå Kulturløftet 2.

Strategisk fokusområde: Regional utviklingsaktør (R)

Kritisk suksessfaktor R1: Kulturen si rolle i samfunnsutviklinga, særleg i samhandling med kommunane

Måleindikatorar	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat 2012
R1-1: Auke kulturtilsette i kommunane sin kompetanse innan planlegging, utvikling og tilrettelegging for arbeidet med lokal kulturutvikling knytt til bulyst, stadsutvikling, omdømebygging, spelemidlar m.m.	R1-1-1: Gjennomføre eit pilotprosjekt i samarbeid med NOKU våren 2012 R1-1-2: Minst 10 kommunar skal delta	R1-1-1: Fagdag om Cultural planning 3.10.12. Samarbeid med NOKU R1-1-2: 10 kommunar deltok
R1-2: Bidra til etablering av forpliktande regionalt samarbeid mellom kommunane om bibliotekutvikling	R1-2-1: Minst 15 kommunar deltek i prosjektet "Saman om framtida"	R1-2-1: Til no er alle med. Avgrensing når ein kjem lenger i prosjektet og til konkrete samarbeid.
R1-3: Kultur og helse-satsing	R1-3-1: Etablere nettverk R1-3-2: Arrangere "Kulturarbeiderskule"	R1-3-1: Gjennomført 2 samlingar for asylsøkjjarborn i Førde og Florø i samarbeid med UWC - United World College: ein haustferieleir og ein samling i samarbeid Borna verdsdag. Finansiert frå UDI. R1-3-2: Gjennomført to dagssamlingar i 2012 med deltakarar frå meir enn 20 kommunar.
	R1-3-3: Konferanse om den kulturelle spaserstokken	R1-3-3: Gjennomført
	R1-3-4: Kultur i samband med samhandlingsreforma	R1-3-4: Ikkje gjennomført
	R1-3-5: Brosjyre til kommunar og innbyggjarar	R1-3-5: Ikkje gjennomført
R1-4: Målretta formidling mot grunnskulen med utgangspunkt i kjelder og lokalhistorie	R1-4-1: Utvikle formidlingsprosjekt saman med ein skule	R1-4-1: Ikkje gjennomført i 2012

Kritisk suksessfaktor R2: Verdiskaping bygt på kulturarvverdiar i fylket

Måleindikatorar	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat 2012
R2-1: Ta initiativ til at kommunane kartlegg kulturminner i sin kommune	R2-1-1: 8 kommunar har byrja arbeidet	R2-1-1: 6 kommunar har starta arbeidet med å kartlegge kulturminner i sin kommune
R2-2: Kommunedelplan for kulturminner er ein del av kommunal planstrategi	R2-2-1: Avklaringar/vedtak i løpet av 2012	R2-2-1: 18 kommunar har gjort vedtak om utarbeiding av lokal kulturminneplan
R2-3: Fylkeskommunen skal bidra i utviklingsprosjekt der kulturminneverdiar står sentralt	R2-3-1: Deltaking i minst 5 større prosjekt	R2-3-1: Fylkeskommunen har bidrege aktivt i Kongevegprosjektet, Kystpilegrimsleia, THING-prosjektet, Ruin-prosjektet på Selja og industriarvsprosjektet ERIH

Kritisk suksessfaktor R3: Dokumentere og digitalisere kulturarven

Måleindikatorar	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat 2012
R3-1: Fylkessoge for Sogn og Fjordane	R3-1-1: Etablere nettstad	R3-1-1: Gjennomført i fellesskap med fylkesjubileet; www.sfj250.no
	R3-1-2: Artiklar på nett	R3-1-2: Gjennomført
	R3-1-3: Fagseminar i 2012	R3-1-3: Gjennomført to fagseminar i 2012; Selje og Florø
R3-2: Digitalisering av lokallitteratur og lokalhistorie registrert i Fjogndok	R3-2-1: Lage standardavtale med rettighetshavarane	Ikkje gjennomført
	R3-2-2: Starte digitalisering av lokalhistorisk litteratur	
R3-3: Vevside med informasjon om nynorskforfattarar frå Sogn og Fjordane	R3-3-1: Opprette nettstad	Jf T2-6
	R3-3-2: Arrangere lokalhistorisk seminar	
R3-4: Digitalisere viktige historiske kjelder	R3-4-1: Digitalisere alle formannskapsprotokollar frå kommunane arbeid att for fylkeskommunen sin del. + fylkeskommunen 1937-1945	R3-4-1: Delvis gjennomført. Står mykje arbeid att for fylkeskommunen sin del.

Kritisk suksessfaktor R3: Dokumentere og digitalisere kulturarven

Måleindikatorar	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat 2012
R4-1: Kompetansekartlegging blant dei bibliotektilsette i fylket og tilby kompetansebygging basert på resultat frå kompetansekartlegginga.	R4-1-1: Ferdigstille kompetansekartlegginga i løpet av 1. kvartal	R4-1-1: Kartlegging ferdigstilt. Plan for kompetanseheving utsett til 2013
	R4-1-2: Arrangere minst 6 kursdagar	R4-1-2: 7 kursdagar, til saman 205 deltakarar.
R4-3: I samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane å tilby høgskulestudium "Samfunnsfag med vekt på entreprenørskap og digital kulturformidling."	R4-3-1: 15 deltakarar skuleåret 2012/13	R4-3-1: Studiet vart ikkje vidareført i 2012/13 grunna personalendringar og permisjonar hjå begge partar.
R4-4: Bidra til utvikling og kompetanse innan kultur og helse	R4-4-1: Arbeid for vidareutdanning i kultur og helse ved Høgskulen i Sogn og Fjordane avd. helsefag	R4-4-1: dialog med HISF avd helsefag
	R4-4-2: Samarbeid mellom ulike faginstusjonar regionalt og nasjonalt	R4-4-2: FOU - arbeid i samarbeid Høgskulen i Sogn og Fjordane, Universitet i Bergen og HIFUS - Haugland International Rnd Centre
R4-5: Tilby seminar og konferansar for kompetanseheving, tilrettelegging for erfaringsutveksling og nettverksbygging.	R4-5-1: Auke kommunane og skulane si oppslutning om konferansar og samlingar i regi av DKS	R4-5-1:Grunna redusert bemanning i DKS er dette eit av felte som ikkje har vore prioritert.
	R4-5-2: Arrangere 2-dagars konferanse om spelemidlar, mål å auke % -del godkjente spelemiddelsøknader	R4-5-2: Gjennomført som dagssamling

R4-5-3: Gjennomføre fylkeskulturkonferanse	R4-5-3: Kompetanse for lokal kulturutvikling vart gjennomført 3.-5.10.12
R4-5-4: Ei årleg samling for kulturminnekartlegging	R4-5-4: To nettverkssamlingar, 20. mars og 18. oktober, med kommunane som målgruppe, er gjennomført i regi av Riksantikvaren. Kulturkonferansen i samarbeid mellom Kulturavdelinga og NOKU 3.-5.okt. hadde «Lokale kulturminneplanar» som eige tema.
R4-5-5: Årleg nettverkssamling for ungdomsråda	R4-5-5: Nettverkssamling for ungdomsråda gjennomført 18.-19. feb.
R4-5-6: Ei årleg kompetansehevande samling for kommunane om fylkesting for ungdom	R4-5-6: Fylkesting for ungdom utsett til mars 2013
R4-5-7: Arrangere kunstnarkonferanse	R4-5-7: Konferansen Kunst i bristepunktet mellom bygda og verda» i Førde 24.-25.04.12
R4-5-8: Bibliotekutvikling tema på bibliotekdagane i mai/juni i Luster	R4-5-8: Gjennomført. Bibliotekdagane var oppstart for prosjektet «Saman for framtida»
R4-5-9: Fire kurs/workshop i digital kulturformidling	R4-5-9: Gjennomført to Wikipediakurs for kunst- og kultursektoren, kurs i Digitalt Fortalt for Sunde skule i samarbeid med HiSF og workshop for Musea i Sogn og Fjordane.
R4-5-10: Kultur og helse	R4-5-10: Praksisstudentar frå bachelor sjukepleie. Utarbeidd praksishefte for studentar. Delteke fast på regionale og nasjonale nettverk innan kultur og helse. Samarbeid med regionale institusjonar som arbeid med same fagfelt. Rettleie kommunar innan fagområdet, og med å søkje eksterne midlar til prosjekt.
R4-5-11: Ungdomens Kulturmønstring	R4-5-11: Ungdommens kulturmønstring gjennomført på Eid 20.-22.april med om lag 400 deltakarar.
R4-5-12: Kompetanseutvikling innanfor arkivdanning og dokumentstyring og elektroniske arkiv for kommunane i kommunearkivordninga. Årleg kontaktkonferanse. 2-3 møte med alle kommunane	R4-5-12: Gjennomført som planlagt.
R4-5-13: Medarrangør av «Førdekonferansen»	R4-5-13 Gjennomført med ca 90 deltakarar med tema «Ut med fordommane - inn med publikum».

Opplæring - målekart

Resultat sett i høve målekart 2012

Strategiske fokusområde er dei utvalde områda som vi skal vie størst merksemd i fylkeskommunen for å sikre måloppnåing. **Kritiske suksessfaktorar** er dei faktorane som vi må få til for å lukkast innan kvart av dei valde fokusområda. Desse kan vi og kalle strategiane som fører fram mot måla.

Måleindikatorane/prosessane er i hovudsak målbare aktivitetar som fortel oss i kor stor grad vi lukkast i å oppnå dei kritiske suksessfaktorane. Desse er knytt opp mot kvar einiskild suksessfaktor.

Strategiske fokusområde: Tenesteproduksjon/brukarperspektivet (T)

Kritisk suksessfaktor T1: Fylkeskommunen er ein heilskapleg og samordna serviceorganisasjon

Måleindikator T1-1: Opplevd nytte av samarbeidet mellom skulane i regionen

Resultat 2011:	Ambisjonsnivå 2012:	Resultat 2012:
3,9	Gjennomsnitt i regionane >4,5 (skala 1-6)	12 skular har svart. Snittverdi 3,3. Ambisjonsnivå ikkje nådd.

Måleindikator T1-2: Tilbod om fjernundervisning

Resultat 2011:	Ambisjonsnivå 2012:	Resultat 2012:
4 av 14 skular tilbyr fjernundervisning	Tal tilbod >1 pr skule	7 av 14 skular tilbyr fjernundervisning. Ambisjonsnivå ikkje nådd

Kritisk suksessfaktor T2: Læringsmiljø (gjeld berre elevar, ikkje lærlingeundersøking i 2012)

Måleindikator T2-1: Tilpassa opplæring

Resultat 2011:	Ambisjonsnivå 2012:	Resultat 2012:
I samsvar med ambisjonsnivå. Snittverdi 4,1 (skala 1-5)	>4	Snittverdi 3,8 (skala 1-5). Ambisjonsnivå ikkje nådd

Måleindikator T2-2: Trivsel

Resultat 2011:	Ambisjonsnivå 2012:	Resultat 2012:
I samsvar med ambisjonsnivå. Snittverdi 4,2 (skala 1-5)	>4	Snittverdi 4,2 (skala 1-5). I samsvar med ambisjonsnivå.

Måleindikator T2-3: Læring

Resultat 2011:	Ambisjonsnivå 2012:	Resultat 2012:
I samsvar med ambisjonsnivå. Snittverdi 3,7 (skala frå 1-5)	>4	Snittverdi 3,7 (skala 1-5). Ambisjonsnivå ikkje nådd

Måleindikator T2-4: Hybelbuarar på Vg1

Resultat 2011:	Ambisjonsnivå 2012:	Resultat 2012:
Skuleåret 2011/2012 fekk 84,3 prosent av elevane på Vg1 inntak på første ønske sitt.	Færrest mogleg ufrivillige hybelbuarar.	Skuleåret 2012-2013 fekk 85,7 prosent av elevane på Vg1 inntak på første ønsket sitt. Dette er ein auke på 1,4 prosent i høve året før. Betre samsvar med ambisjonsnivå.

Kritisk suksessfaktor T3: Læringsutbytte

Måleindikator T3-1 Karakternivå

Resultat 2011:

Fylket ligg over landsgj.snittet i 13 av 16 > Landsgjennomsnittet programfag med sentralt gitt eksamen.

Ambisjonsnivå 2012:

Resultat 2012:

Fylket ligg over landsgjennomsnittet i 11 av 16 programfag med sentralt gitt eksamen. Lågare måloppnåing enn året før.

Måleindikator T3-2 Standpunktkarakter og eksamensresultat

Resultat 2011:

Skuleåret 2010/2011 var avviket mellom standpunkt og eksamensresultat på 0,27 karaktergrader

Ambisjonsnivå 2012:

Betre samsvar mellom resultat.

Resultat 2012:

Skuleåret 2011-2012 var avviket mellom standpunktkarakter og eksamensresultat på 0,24 karaktergrader. I samsvar med ambisjonsnivå.

Kritisk suksessfaktor T4: Yrkes- og studierettleiing

Måleindikator T4-1 Fråfall grunna feilval

Resultat 2011:

2010/2011: 17,1 prosent av sluttarane.

Ambisjonsnivå 2012:

Redusere del elevar som oppgir feilval som årsak til avbrot

Resultat 2012:

2011-2012 kryssa 12,3 prosent av sluttarane av for at avbrotet skuldast feilval.
I samsvar med ambisjonsnivå

Måleindikator T4-2 Opplevd kvalitet på rettleiinga

Resultat 2011:

I samsvar med ambisjonsnivå. Snittverdi 3,5 (skala frå 1-5).

Ambisjonsnivå 2012:

>4

Resultat 2012:

Snittverdi 3,4 (skala frå 1-5). Ambisjonsnivå ikkje nådd.

Måleindikator T4-3 Gjennomføring (tal frå Ny GIV, siste publisertetal)

Resultat 2011:

Sjå kolonnene til høgre.

Ambisjonsnivå 2012:

T4-3.1 Tal elevar som går frå Vg1 til Vg2 skal auke med 2 prosentpoeng per år i prosjektperioden «Ny GIV»

Resultat 2012:

Ordinær progresjon på tal elevar som går frå Vg1 til Vg2 er 87,4% mot 87,8% i 2010. Ambisjonsnivået ikkje nådd.

T4-3.2 Tal elevar som går frå Vg2 til Vg3/lære skal auke med 2 prosentpoeng per år i prosjektperioden «Ny GIV»

Ordinær progresjon på tal elevar som går frå Vg2 til Vg3/lære er 74,7% mot 75,8% i 2010. Ambisjonsnivå ikkje nådd.

T4-3.3 Tal elevar som går frå Vg3/ studiekompetanse/lære skal auke med 2 prosentpoeng per år i prosjektperioden «Ny GIV»

Ordinær progresjon på tal elevar som går frå Vg3 er 77,1% mot 79,9% i 2010. Ambisjonsnivå ikkje nådd.

T4-3.4 Gjennomført vidaregåande opplæring etter 5/6 år skal auke med 6 prosentpoeng frå 2010-2015.

Det er sett som nasjonlt mål at 75% skal fullføre og bestå vidare opplæring i 2015. Vi har ei gjennomføring på 76,1% i 2011 (2006-kullet). Ambisjonsnivå nådd.

Kritisk suksessfaktor T5: Elev- og lærlingmedverknad (gjeld berre elevar, ikkje lærlingeundersøking i 2012)

Måleindikator T5-1 Elev- og lærlingrepresentasjon i råd og utval

Resultat 2011:	Ambisjonsnivå 2012:	Resultat 2012:
I samsvar med ambisjonsnivå	100 prosent	I samsvar med ambisjonsnivå.

Måleindikator T5-2 Elev- og lærlingmedverknad i planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa

Resultat 2011:	Ambisjonsnivå 2012:	Resultat 2012:
I samsvar med ambisjonsnivå. Snittverdi 3,4 (skala frå 1-5).	100 prosent	Snittverdi 80 prosent. Ambisjonsnivå ikkje nådd.

Strategisk fokusområde: Regional utviklingsaktør (R)

Kritisk suksessfaktor R1: Opplæringstilbodet er sett i samanheng med offentleg og privat verksemd sine behov

Måleindikator: R1-1 Samsvar mellom tilgangen til læreplassar og tal søkjarar (tidlegare måletal omtala som lærlingar)

Resultat 2011:	Ambisjonsnivå 2012:	Resultat 2012:
Pr 01.11.11 var 4,9 prosent utan tilbod. 22 søkjarar.	Større samsvar enn året før.	Tal søkjarar med ungdomsrett, utan tilbod om læreplass i november 2012, var 4 prosent (22 søkjarar). I samsvar med ambisjonsnivå.

Kritisk suksessfaktor R2: Systematisk og forpliktande samarbeid mellom vidaregåande skule og arbeidsliv

Måleindikator R2-1 Partnerskapsavtalar

Resultat 2011:	Ambisjonsnivå 2012:	Resultat 2012:
4,4	Nytteverdi >4,5 (skala 1-6)	Snittverdi 4,7. I samsvar med ambisjonsnivå.

Kritisk suksessfaktor R3: Skulane er lokale/regionale ressursentra og pådrivarar i samhandlinga med lokalsamfunn og næringsliv

Måleindikator R3-1 Lokalt næringsliv nyttar skulane i si kompetanseheving

Resultat 2011:	Ambisjonsnivå 2012:	Resultat 2012:
4 av 14 skular har gjennomført minst 10 kurs, dvs 29 prosent	Halvparten av skulane skal gjennomføre minst 10 kurs.	4 av 14 skular (29 prosent) har gjennomført meir enn 10 kurs. Ambisjonsnivå ikkje nådd.

Måleindikator R3-2 Tilbod om fjernundervisning til lokalt næringsliv

Resultat 2011:	Ambisjonsnivå 2012:	Resultat 2012:
2,2 prosent av kursa vert gjevne som fjernundervisning.	Tal kurs gjevne som fjernundervisning utgjer 20 prosent av totalen.	4 prosent av kursa er gjevne som fjernundervisning. Ambisjonsnivå ikkje nådd.

Kritisk suksessfaktor R4: Vidaregåande skular har høg utviklings- og omstillingskompetanse

Måleindikator R4-1 Skulen som medspelar i regionalt utviklingsarbeid

Resultat 2011:	Ambisjonsnivå 2012:	Resultat 2012:
4,8	Eigenvurdering ≥ 5 (skala 1-6)	Snittverdi 5 (skala 1-6) I samsvar med ambisjonsnivå.

Kritisk suksessfaktor R5: Dei vidaregåande skulane har fokus på miljø- og klimautfordringane i opplæringa og i si eiga bedrift

Måleindikator R5-1: Aktivitetar og tiltak knytte til oppfølging av fylkesdelplan for klima og miljø i opplæringa

Resultat 2011:	Ambisjonsnivå 2012:	Resultat 2012:
Ambisjonsnivået ikkje nådd. 2 skular har denne type tiltak i utviklingsplanane sine.	Alle skulane har minst 2 aktivitetar/ tiltak som gjeld haldningsskapande arbeid knytt til miljøbelastning og klimautfordringane i utviklings-planane.	To av åtte skular rapporterer registrert aktivitet. Ambisjonsnivået ikkje nådd.

Måleindikator R5-2: Tal elevar og tilsette som går/syklar/nyttar kollektivtransport til skulen

Resultat 2011:	Ambisjonsnivå 2012:	Resultat 2012:
Manglar statistikk	Halvparten av alle elevar som har høve til det går/syklar/nyttar kollektivtransport til skulen.	I samsvar med ambisjonsnivå. Tre skular har ikkje rapportert på dette punktet.

Måleindikator R5-3: Prosjekt knytte til reduksjon av klimagassutslepp

Resultat 2011:	Ambisjonsnivå 2012:	Resultat 2012:
Ambisjonsnivået ikkje nådd. 2 skular rapporterer at dei er engasjerte i klimaprojekt knytte til reduksjon av klimagassutslepp	Minst 4 skular har/deltek i større prosjekt knytte til reduksjon av klimagassutslepp.	5 skular har rapportert deltaking. I samsvar med ambisjonsnivå.

Måleindikator R5-4: Jordbruksskulane er aktive i klimaarbeidet i fylket.

Resultat 2011:	Ambisjonsnivå 2012:	Resultat 2012:
Begge skulane melder at dei ikkje er aktive i klimaarbeidet i fylket generelt.	Begge skulane synleggjer deltaking i klimaarbeidsprosessar i eigen utviklingsplan	Dei to skulane er ikkje aktive, den eine melder at dei ikkje har spesifikke prosjekt, og den andre at dei kunne ha vore meir aktive på området. Ambisjonsnivå ikkje nådd

Strategisk fokusområde: Rammevilkår/økonomi (Ø)

Kritisk suksessfaktor Ø1: Samsvar mellom mål og rammer

Måleindikator Ø1-1 Avvik i høve budsjett

Resultat 2011:	Ambisjonsnivå 2012:	Resultat 2012:
5 skular har avvik større enn +/- 2 prosent. 8 skular har avvik mindre enn +/- 2 prosent. Opplærings-sektoren samla har avvik - 0,8 prosent.	Budsjettbalanse, akseptabelt avvik +/- <2 prosent.	5 skular har avvik større enn +/- 2 prosent. 8 skular har avvik mindre enn +/- 2 prosent. Opplærings-sektoren samla har eit mindreforbruk på 0,5 prosent.

Kritisk suksessfaktor Ø2: Økonomistyring

Måleindikator Ø2-1 Avvik mellom årsprognoser og årsrekneskap

Resultat 2011:	Ambisjonsnivå 2012:	Resultat 2012:
9 skular melder om godt samsvar mellom årsprognoser og årsrekneskap. 4 skular melder om mindre godt samsvar	Godt samsvar.	11 skular melder om godt samsvar mellom årsprognoser og årsrekneskap. Dei andre skulane har ikkje rapportert på dette.

Kritisk suksessfaktor Ø3: Ressursbruk i tenesteproduksjonen

